

Masteroppgåve

**Samsvarsbøying av nynorske partisipp i  
predikative og attributive stillingar**

Ein akseptabilitetsvurderings- og korpusstudie om  
nynorskbrukarar si oppfatning og handtering av  
samsvarsbøygde partisipp

Berit Fjermestad

60 studiepoeng  
Nynorsk skriftkultur  
November 2022



HØGSKULEN  
I VOLDA

## Samandrag

I denne masteroppgåva prøver eg å få konkrete tal på korleis nynorskbrukarar oppfattar og handterer samsvarsbøying av partisipp. På nynorsk er det valfri samsvarsbøying av svake partisipp som står i predikativ stilling, difor kan ein til dømes velje om ein vil samsvarsbøye partisippet og skrive «Hytta er byg**d**» eller unngå å samsvarsbøye partisippet og skrive «Hytta er byg**t**». Problemstillinga i denne oppgåva er difor:

*Korleis oppfattar og handterer dei nynorske språkbrukarane samsvarsbøying av partisipp?*

Eg svarar på problemstillinga ved hjelp av desse tre meir konkrete forskingsspørsmåla:

- 1. Korleis oppfattar og handterer nynorskbrukarane valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling?*
- 2. Korleis oppfattar og handterer nynorskbrukarane obligatorisk samsvarsbøying av sterke og svake partisipp?*
- 3. På kva måte spelar dialekttilhøyrse inn på nynorskbrukarane si oppfatning av samsvarsbøying av partisipp?*

Eg brukar akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiar som hjelp til å svare på forskingsspørsmåla. I tillegg brukar eg regresjonsmodellar og hierarkiske klassifikasjonsmodellar som statistiske modellar for å betre kartlegge korleis denne samsvarsbøyinga blir handtert og oppfatta av nynorskbrukarane.

Resultata frå akseptabilitetsvurderingane viser mellom anna at respondentane føretrekker samsvarsbøygde former framfor ikkje-samsvarsbøygde former. I korpusundersøkingane derimot held tekstskrivarane seg i stor grad til rettskrivingsreglane, og dei brukar dei valfrie samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa i predikativ stilling så og sei like ofte.

## Abstract

In this master's thesis I try to quantify Nynorsk users' perception and production of text with participle agreement. Nynorsk has optional agreement in weak participles in predicative form, and it is therefore optional to use agreement in sentences such as "Hytta er byg**d**" (agreement) or "Hytta er byg**t**" (without agreement). The research question of this thesis is: How do Nynorsk users perceive and produce text with participle agreement?

I explore this question closer by using the following sub-questions:

1. How do Nynorsk users perceive and produce text with optional participle agreement in predicative forms?
2. How do Nynorsk users perceive and produce text with mandatory participle agreement in attributive forms?
3. How do Nynorsk users' dialects influence the perception and production of text with participle agreement?

I use a combination of acceptability judgement tasks and text corpus studies as methods to answer the research questions. In addition, I use regression models and hierarchical classification tree models as statistical methods to better understand Nynorsk users' perception and production of participle agreement.

The results from analyzing the acceptability judgement tasks shows that the respondents prefer sentences with participle agreement (Hytta er byg**d**) rather than sentences without agreement (Hytta er byg**t**). However, in the corpus study the results indicate that the writers use both forms equally, and when the participle agreement is mandatory, they tend to follow the grammatical rule.

## Forord

Takk til Språkrådet for stipend.

Takk til alle respondentane i spørjeundersøkinga.

Takk til Torstein Fjermestad, Haldis Fjermestad og Gunhild Fjermestad Hatlehol for språkvask og tilbakemeldingar.

Takk til Dan Rosenzweig Eig for tilbakemelding, moralsk støtte og datahjelp.

Den største takken går til Jade Jørgen Sandstedt ved Høgskulen i Volda for veldig god og grundig vegleiing. Spesielt takk for all hjelp med R.

Oslo, november 2022

Berit Fjermestad

## Innholdsliste

<b>Samandrag</b> .....	<b>i</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>ii</b>
<b>Forord</b> .....	<b>iii</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	1
1.2 Avgrensing og problemstilling .....	2
1.3 Disposisjon.....	4
<b>2. Teoretisk bakgrunn</b> .....	<b>6</b>
2.1 Akseptabilitetsvurderingar .....	6
2.2 Språkoppfatningar .....	7
2.3 Språknormering versus språkrøkt .....	8
2.4 Nynorsk valfridom i praksis .....	9
2.5 Samsvarbøying av perfektum partisipp .....	10
2.6 Samsvarbøying i dei ulike dialektene.....	12
2.6.1 Samsvarbøying i dialektene: sterke partisipp i predikativ stilling.....	14
2.6.2 Samsvarbøying i dialektene: svake partisipp i predikativ stilling.....	16
<b>3. Metode</b> .....	<b>18</b>
3.1 Tekstproduksjon: korpusstudie som metode.....	18
3.1.1 Materiale .....	19
3.1.2 Framgangsmåte .....	19
3.1.3 Rydding av korpusdataa .....	20
3.2 Språkoppfatning: akseptabilitetsvurdering som metode.....	22
3.2.1 Materiale .....	23
3.2.2 Framgangsmåte .....	26
3.3 Analysemetode.....	31
3.3.1 Lineær- og blanda modell.....	32
3.3.2 Klassifikasjons- og regresjonstre .....	35
<b>4. Resultat frå akseptabilitetsvurderingsstudien</b> .....	<b>36</b>
4.1 Lineær modell: faste effektar .....	37
4.2 Blanda modell: faste og tilfeldige effektar .....	38
4.3 Klassifikasjonstre .....	41
4.4 Generelle observasjonar frå respondentane sine akseptabilitetsvurderingar .....	43
4.4.1 Samsvarbøying av svake partisipp .....	45

4.4.2 Skilnader mellom alder.....	46
4.4.3 Samsvarbøying av sterke partisipp .....	48
4.5 Dialektale skilnader .....	49
4.5.1 «Hytta er bygt» eller «Hytta er bygd»: samsvarbøying av svake partisipp i predikativ stilling .....	50
4.5.2 «*Boka er lese» eller «Boka er lesen»: samsvarbøying av sterke partisipp i predikativ stilling .....	52
4.5.3 «*Ei bygt hytte» eller «Ei bygd hytte»: samsvarbøying av svake partisipp i attributiv stilling .....	53
4.5.4 «*Ei lese bok» eller «Ei lesen bok»: samsvarbøying av sterke partisipp i attributiv stilling.....	55
4.5.5 Samanfating av dei dialektale skilnadane til respondentane .....	56
<b>5. Resultat frå korpusstudiane .....</b>	<b>57</b>
5.1 Predikativ stilling .....	57
5.1.1 Svake partisipp .....	57
5.1.2 Sterke partisipp .....	61
5.2 Attributiv stilling .....	64
5.2.1 Svake partisipp .....	64
5.2.2 Sterke partisipp .....	69
5.3 Statistisk oppsummering frå korpusstudien.....	71
5.4 Oppsummering av funn frå akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiane.....	72
<b>6. Diskusjon.....</b>	<b>74</b>
6.1 Diskusjon metode.....	74
6.2 Akseptabilitetsvurderingane og korpusstudien: to ulike målingar .....	76
6.3 «Hytta er bygt» eller «Hytta er bygd»: valfri samsvarbøying av svake partisipp i predikativ stilling .....	77
6.4 «*Ei bygt hytte» eller «Ei bygd hytte»: obligatorisk samsvarbøying av svake partisipp i attributiv stilling .....	78
6.5 Tekstskrivarane si forskjellsbehandling av substantivkjønn.....	80
6.6 Avvik frå regelen: samsvarbøying av sterke partisipp .....	81
6.7 Samsvarbøying i dialektene: sterke partisipp.....	82
6.8 Samsvarbøying i dialektene: svake partisipp.....	83
<b>7. Konklusjon .....</b>	<b>86</b>
7.1 Svar på forskingsspørsmål 1: Korleis oppfatar og handterer nynorskbrukarane valfri samsvarbøying av svake partisipp i predikativ stilling? .....	87
7.2 Svar på forskingsspørsmål 2: Korleis oppfatar og handterer nynorskbrukarane obligatorisk samsvarbøying av sterke og svake partisipp?.....	88
7.2.1 Svake partisipp .....	88

7.2.2 Sterke partisipp .....	89
7.3 Svar på forskings spørsmål 3: På kva måte spelar dialekttilhøyrse inn på nynorskbrukarane si oppfatning av samsvarsbøying av partisipp? .....	90
<b>8. Oppsummering og vidare forskning.....</b>	<b>93</b>
<b>9. Litteraturliste .....</b>	<b>96</b>
<b>10. Vedlegg .....</b>	<b>i</b>
Vedlegg 1: Akseptabilitetsvurderingsoppgåvene.....	i
A. Introduksjon til akseptabilitetsvurderingsoppgåvene.....	i
B. Demografiske spørsmål til akseptabilitetsvurderingsoppgåvene .....	ii
C. Øvesetningar .....	ii
D. Setningane i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene .....	iii
Vedlegg 2: Figurar frå akseptabilitetsvurderingsstudien .....	v
A. Figur 10 og 13: Generelt boksplokk med vurderingar frå spørjeundersøkinga .....	v
B. Figur 14: Valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling .....	v
C. Figur 15: Obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling.....	v
D. Figur 16: Vestlandsk aksept for ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling fordelt på alder.....	v
E. Figur 17: Vestlandsk aksept for samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling fordelt på alder.....	v
F. Figur 18: Samsvarsbøying av sterke partisipp i predikativ og attributiv stilling.....	vi
G. Figur 19: Aksept for samsvarsbøying i dei ulike dialektene .....	vi
H. Figur 20: Samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling.....	vi
I. Figur 21: Samsvarsbøying av sterke partisipp i predikativ stilling.....	vi
J. Figur 22: Samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling.....	vi
K. Figur 23: Samsvarsbøying av sterke partisipp i attributiv stilling.....	vii
Vedlegg 3: Statistiske modellar i R med resultatata frå akseptabilitetsvurderingane.....	viii
A. Blanda modell med dei 139 nynorskbrukarane .....	viii
i. Tabell 9: Tovegsinteraksjon med nynorskbrukarane: .....	viii
ii. Tabell 10: Trevegsinteraksjon med nynorskbrukarane: .....	viii
B. Tabell 6, 7 og 8: Lineær modell av resultatata frå akseptabilitetsvurderingane.....	viii
C. Figur 11: Klassifikasjonstre av resultatata frå akseptabilitetsvurderingane.....	viii
D. Figur 12: «Random forest model» av resultatata frå akseptabilitetsvurderingane .....	viii
Vedlegg 4: Hypotetiske data for visualisering.....	ix
A. Figur 8: Lineær modell med hypotetiske data .....	ix

B.	Figur 9: Blanda modell med hypotetiske data .....	ix
Vedlegg 5: Rydding av korpusdata .....		X
Vedlegg 6: Figurar frå korpusstudiane .....		xii
A.	Figur 24: samsvarsbøying av dei 57 mest frekvente bøyelege svake partisippa i predikativ stilling .....	xii
B.	Figur 25: Samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling dei siste førti åra.....	xii
C.	Figur 28: Samsvarsbøying av dei 200 mest frekvente sterke partisippa i predikativ stilling .....	xii
D.	Figur 30: Samsvarsbøying av dei 28 mest frekvente bøyelege svake partisippa i attributiv stilling .....	xii
E.	Figur 31: Samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling dei siste førti åra.....	xiii
F.	Figur 34: Samsvarsbøying av dei 157 mest frekvente sterke partisippa i attributiv stilling.....	xiii
Vedlegg 7: Statistiske modellar i R med resultatata frå korpusstudiane .....		xiv
A.	Tabell 12: Blanda modell av svake partisipp i predikativ stilling.....	xiv
B.	Figur 26: Predicted probabilities of kjønn samsvar .....	xiv
C.	Figur 27: Klassifikasjonstre for svake partisipp i predikativ stilling .....	xiv
D.	Tabell 13: Blanda modell med sterke partisipp i predikativ stilling .....	xiv
E.	Figur 29: Predicted probability of samsvarsbøying .....	xiv
F.	Tabell 14: Lineær modell av svake partisipp i attributive stilling .....	xiv
G.	Figur 32: Predicted probabilities of samsvarsbøying .....	xiv
H.	Figur 33: Klassifikasjonstre for svake partisipp i attributiv stilling .....	xiv
I.	Tabell 15: Lineær modell av sterke partisipp i attributiv stilling.....	xv
J.	Figur 35: Predicted probabilities of samsvarsbøying .....	xv



# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

På den digitale fagdagen om nynorsk omsetjingsteknologi 17.02.21 var det ei brei semje om at nynorsk også måtte vere ein del av den språkteknologiske utviklinga. Eg blei gjort merksam på problemet med valfridom når det gjeld omsetjingsteknologi, og korleis ta vare på den nynorske valfridommen i ein språkteknologisk samanheng. Etter kvart fann eg også ut at det manglar klare data på korleis valfridom i nynorsk vert oppfatta og brukt av nynorskbrukarar. I denne masteroppgåva prøver eg difor å samle nokre data på korleis nynorskbrukarar oppfattar og handterer valfrie samsvarsbøying på nynorsk.

Brunstad (2009, s. 101-105) seier at offisielt er det ikkje radikal, moderat og konservativ nynorsk, men nynorsk med valfridom, likevel snakkar mange om desse varietetane i nynorsk i dag. Han forklarar vidare at for å få vurdert kor reelle desse språkvarietetane er, treng ein meir kunnskap om faktisk språkbruk og korleis varietetbruken blir vurdert av språkbrukarane. I denne oppgåva ser eg difor nærare på nynorsk samsvarsbøying av partisipp og særleg den valfrie samsvarsbøyinga av dei svake partisippa i predikativ stilling. Eg prøver å kartlegge faktisk språkbruk ved hjelp av akseptabilitetsvurderingsoppgåver for å undersøke nærare korleis språkbrukarane vurderer samsvarsbøying av partisipp, og korleis dei vurderer den valfrie nynorske samsvarsbøyinga av svake partisipp i predikativ stilling.

Akseptabilitetsvurderingsoppgåvene har eg sendt ut i form av ei spørjeundersøking. I desse oppgåvene vurderer respondentane kor akseptabel eller vanleg ei setning er for dei, på den måten får ein handfaste tal på korleis nynorskbrukarane sjølv oppfattar og handterer samsvarsbøying av partisipp. Å bruke akseptabilitetsvurderingar til å dokumentere faktisk språkbruk kan famne om store grupper språkbrukarar og kan kanskje difor også gi eit adekvat bilete av korleis valfrie former blir oppfatta og brukt i praksis.

Eg ser også på bruksfrekvensar i tekstkorpus og undersøker korleis tekstskrivarar brukar og oppfattar nynorsk samsvarsbøying av partisipp. I korpusstudien studerer eg nærare korleis denne samsvarsbøyinga blir brukt i publisert tekst. Dersom det viser seg at ei valfri form blir

brukt i publisert tekst, men ikkje blir vurdert som akseptabel hos språkbrukarane, vil det vere ein ubalanse mellom korleis forma blir brukt av nynorskgrasrota og korleis ho blir brukt av nynorsktekstskrivaren. Dei som då normerer språket, kan på denne måten få eit innblikk i korleis ei norm eller ei valfri form faktisk vert oppfatta av språkbrukarane. Desse to metodane kan vere til god hjelp i arbeidet med å gjere skriftspråket meir brukarvennleg, og viss nynorsk skal vere eit talemålsnært språk, bør det også vere liten avstand mellom språkoppfatningar og produsert tekst. Difor er akseptabilitetsvurderingsstudiar i kombinasjon med korpusstudiar ein god metode til å få eit oversyn over ulike grammatiske fenomen og korleis desse verkar i praksis.

## 1.2 Avgrensing og problemstilling

Ved hjelp av akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiar vil eg altså finne ut av korleis nynorskbrukarar oppfattar og handterer valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling. Samtidig har eg sett undervegs i undersøkinga at resultatane frå desse studiane også viser andre interessante språkoppfatningar til samsvarsbøying av partisipp i predikativ og attributiv stilling. Eg har difor enda opp med denne nokså generelle problemstillinga:

*Korleis oppfattar og handterer dei nynorske språkbrukarane samsvarsbøying av partisipp?*

For å svare på denne generelle problemstillinga har eg laga tre meir konkrete forskingsspørsmål som eg prøver å svare på:

1. *Korleis oppfattar og handterer nynorskbrukarane valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling?*
2. *Korleis oppfattar og handterer nynorskbrukarane obligatorisk samsvarsbøying av sterke og svake partisipp?*
3. *På kva måte spelar dialekttilhøyrse inn på nynorskbrukarane si oppfatning av samsvarsbøying av partisipp?*

Masteroppgåva er avgrensa til det nynorske skriftspråket, og akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiane handlar begge om oppfatningar og bruk av det skriftlege språket. Likevel kjem det munnlege aspektet inn når eg undersøker i kva grad dialekttilhøyrse kan påverke vurderingane til respondentane. Ein av hypotesane mine er at dialekter som ikkje har samsvarsbøying vil akseptere valfrie ikkje-samsvarsbøygde former i større grad enn det dialekter med samsvarsbøying vil gjere. Med denne hypotesen inkluderer eg dermed dialekta inn i skriftspråket, men med hensikta om å undersøke dialektal påverknad på skriftspråket. Det er difor viktig å understreke at det er oppfatninga og bruken av samsvarsbøying av partisipp som eit skriftleg fenomen som oppgåva handlar om.

Vidare er ei anna hypotese at respondentane og tekstskrivarane tek omsyn til grammatikkreglane når dei vurderer setningane i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene og når dei skriv tekstane i tekstkorpuset. I tillegg ligg det nært å anta at tekstskrivarane i korpusstudien har større grad av «grammatisk korrekt» språk enn det respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien har. Desse respondentane og tekstskrivarane er to veldig forskjellige grupper, og det er viktig å understreke at det er snakk om to ulike målingar. Sjølv om ein kan gå ut i frå at tekstskrivarane har ein større grad av «grammatisk korrekt» språk enn respondentane, kan ein ikkje vite dette berre ved å samanlikne resultatata frå dei to undersøkingane, men ein kan likevel få ein idé om likskapar og ulikskapar mellom dei to gruppene frå dei to ulike målingane.

Akselberg (2003), Berg (1999) og Rødningen (2000) har tidlegare undersøkt nynorskbrukarar sine oppfatningar av valfrie former, men desse studiane tek utgangspunkt i lærarar og elevar og ser ikkje på nynorskgrasrota, altså den vanlege nynorskbrukaren. Selback (2001) derimot har inkludert ei brei respondentgruppe i sine undersøkingar, men ho undersøker nynorskbrukarane sine haldningar til nynorsk og ikkje språkoppfatningane deira. I denne studien prøver eg difor å famne om ei meir variert respondentgruppe slik at ein i større grad kan få eit inntrykk av korleis den vanlege nynorskbrukaren oppfattar og handterer samsvarsbøying av partisipp, og då spesielt den valfrie samsvarsbøyinga av svake partisipp i predikativ stilling. Eg brukar tekstkorpus og akseptabilitetsvurderingsoppgåver som metode

til å få eit inntrykk av nynorskbrukarane sine oppfatningar og bruk av denne samsvarsbøyinga.

Resultata frå studiane kan bidra til fleire føremål som til dømes å vidareutvikle nynorsk språkteknologi ved å sikre at nynorskbrukarane sine føretrekte valfrie former blir representerte. I tillegg vil resultata kunne spegle tekstskrivarane og respondentane sin nynorskkompetanse og mellom anna korleis dialektvariasjon påverkar oppfatninga av valfri samsvarsbøying av svake partisipp. Vidare kan desse resultata også vere til hjelp i nynorskundervisninga. Resultata vil difor kunne gi oss ei breiare forståing av korleis tekstskrivarane og respondentane oppfattar og vurderer samsvarsbøying av partisipp og valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling.

### 1.3 Disposisjon

Oppgåva består av sju kapittel. I kapittel to om den teoretiske bakgrunnen ser eg på tidlegare forskning og forklarar nærare det grammatiske fenomenet med samsvarsbøying av partisipp og korleis valfridom spelar inn på det nynorske språket. Eg tek også føre meg samsvarsbøying i dei ulike regionale dialektene.

Å bruke akseptabilitetsvurderingsoppgåver til å måle språkoppfatningar er noko ganske nytt innan nynorsk språkforsking, difor går eg nærare inn på denne metoden i kapittel tre. Eg forklarar mellom anna korleis eg gjekk fram for å lage desse akseptabilitetsvurderingsoppgåvene, og heile spørjeundersøkinga med setningane ligg som vedlegg til oppgåva. I dette kapittelet går eg også igjennom korleis eg har henta og rydda språkdata frå Nynorskkorpuset. I tillegg forklarar eg kva for statistiske metodar eg brukar i analysen av resultata frå akseptabilitetsvurderings- og korpusstudien.

Alle resultata frå dei to studiane viser eg i resultatdelen i kapittel fire og fem. Resultata blir visualiserte i figurar som eg har laga i statistikkprogrammet R (R Core Team, 2021), og alle kodane er tilgjengelege som vedlegg til oppgåva. I kapittel seks diskuterer eg funna frå

kapittel fire og fem for så å samanfatte hovudpoenga og svare på forskingsspørsmåla i konklusjonen i kapittel sju.

## 2. Teoretisk bakgrunn

Ekspérimentell lingvistikk går ut på at ein observerer språket frå eit objektivt og kvantitativt perspektiv, det vil seie at det er umogleg å berre stole på sine egne språklege intuisjonar når ein prøver å forstå verda, og difor må ein heller prøve å observere objektive data som reflekterer realiteten (Gillioz & Zufferey, 2020, s. 1). Slike objektive data kan ein mellom anna få frå spørjeundersøkingar der ein samlar inn språklege intuisjonar frå fleire språkinformantar. Ein kan meine at språkinformantar sin språkintuisjon er ei nokså tvilsam kjelde, men likevel er denne tvilsame datainnsamlinga noko som kjenneteiknar det å utforske menneskeleg oppførsel. Denne studien er difor ein ekspérimentell lingvistisk studie sidan eg samlar inn kvantitative data om språkbrukarar sin intuisjon og handtering av valfrie nynorske former.

### 2.1 Akseptabilitetsvurderingar

Schütze & Sprouse (2013, s. 28) påpeiker at tradisjonelt sett har ein i lingvistikken brukt omgrep som grammatiske vurderingar til å måle folk sine språkoppfatningar, men dei meiner akseptabilitetsvurdering er eit betre omgrep. Sidan språket er ein mental konstruksjon, og språkbrukarane ikkje berre brukar den tillærde grammatikken når dei skal vurdere statusen til ei setning, bør ein difor unngå å bruke omgrep som grammatisk, og heller snakke om kva som er akseptabelt eller ikkje, slik at språkbrukarane vurderer i kva grad ei setning er akseptabel eller ikkje.

Helset (2016, s. 152-153) argumenterer også for at ein bør bruke språkoppfatningar hos respondentar for å få tilgang på språkdata som psykologisk fenomen, men at ein må vere merksam på at dataa ein då får inn berre er rapportar om språklege intuisjonar og stemmer nødvendigvis ikkje overeins med verkelegheita. Bross (2019 a, s.7) nemner også andre utfordringar med akseptabilitetsvurderingsoppgåver som til dømes at den indre grammatikken til kvart individ ikkje nødvendigvis er lik, og det finst mange uvisse grunnar til at ein språkbrukar ikkje likar ei setning.

Språk er ein mental konstruksjon og det er difor ikkje mogleg å kunne måle kva som skjer i hovudet på kvar enkelt språkbrukar. Når ein då til dømes vil vite noko om korleis ein språkbrukar handterer eller oppfattar eit språkfenomen, har ein inga moglegheit til å sjå kva som skjer i hovudet til respondenten. Schütze & Sprouse (2013, s. 47) forklarar også korleis eit «black-box-system» handlar om ein modell der ein kjenner til kva som kjem inn og ut av boksen, men ein veit ingenting om kva som skjer inne i boksen. Denne tankegangen kan overførast til når ein snakkar om menneskeleg oppførsel også, og til dømes i akseptabilitetsvurderingsoppgåver kan ein ikkje vite eksakt kva som gjer at ein respondent vurderer ei setning som han gjer. Ein har då berre kontroll på det som kjem inn og det som kjem ut, men ikkje kva den enkelte respondenten tenker når han vurderer setninga. Difor kan ikkje resultatane frå akseptabilitetsvurderingane handterast som absolutte svar sidan menneskeleg oppførsel ikkje er noko ein kan måle der svaret kjem ut med to strekar under. Likevel kan statistiske metodar som blanda modell og klassifikasjonstre gi eit ganske godt bilete på kva trenden i resultatane er.

## 2.2 Språkoppfatningar

Språkhaldningane til kvart individ er ikkje nødvendigvis alltid lik, og det finst mange forskjellige grunnar til at språkbrukarar oppfattar eit språkfenomen ulikt. Røsstad (2008, s. 18-19) foreslår å bruke omgrepet «språkoppfatningar» når ein snakkar om språkhaldningar. Han argumenterer for at dette omgrepet er meir opent, og det er vidt nok til å romme både det subjektive og det meir objektive aspektet når det kjem til undersøkingar om kva folk seier om språk. Sjølv om språkbrukarar får beskjed å vurdere setningar ut i frå sin eigen språkintuisjon, vil dei likevel ha mange av dei tillærde grammatikkreglane i bakhovudet. Røsstad (2008, s. 19) nemner det språklege medvitet som eit sentralt omgrep når det kjem til språkoppfatningar. Det handlar om at det er sider ved det språklege medvitet som er biologiske og universelle, men at ein også må gå ut i frå at kulturelle og psykososiale forhold spelar inn på språkoppfatningane. Dette språklege medvitet kan vere noko subjektivt fordi det handlar om mellom anna kulturelle og psykososiale forhold, og samtidig objektivt fordi det handlar om biologiske og universelle forhold. Språkinformantar vil difor ha ulike språklege medvit som påverkar korleis dei oppfattar og vurderer ulike språkfenomen.

Vikør (1994, s. 66-68) skil mellom internaliserte og fastsette normer der internaliserte normer handlar om språknormer som ein ubevisst lærer som barn og gjennom oppveksten og fastsette normer derimot er språknormer ein lærer gjennom formell undervisning. Dei internaliserte normene er subjektive og varierer frå individ til individ, og desse normene blir påverka av til dømes dialekt og sosiale nettverk. Dei fastsette normene derimot blir bestemt av språkorgan som t.d. Språkrådet, og desse normene har ein formell status i samfunnet som dei internaliserte normene ikkje har. Språkrådet (2021) forklarar også at målet er at dei fastsette normene skal styre skriftspråket og etter kvart eventuelt bli internaliserte normer i kvar enkelt språkbrukar sitt skriftspråk. Ein kan sjå på dei fastsette normene som ein slags språkoppfatning som er bestemt av eit språkorgan, medan dei internaliserte normene er meir ei språkoppfatning som varierer frå individ til individ.

Ifølgje Vikør (1994, s. 70) er eit av måla for språkplanlegginga at dei fastsette normene skal bli internaliserte av flest mogleg språkbrukarar. Helset (2016, s. 146-148) hevdar også at ei fastsett språknorm ikkje er valid dersom ho ikkje er internalisert hos språkbrukarane, og han meiner at språkoppfatning i stor grad handlar om dei internaliserte normene til språkbrukarane. Dei fastsette og internaliserte normene er difor avhengige av kvarandre i språkplanlegginga.

### 2.3 Språknormering versus språkrøkt

Medan språknormeringa handlar om å fastsetje ei språknorm, handlar språkrøkt om å passe på at språket er eit godt uttrykksmiddel for språkbrukarane (Vikør, 1994, s. 100). Ein kan trekke parallellar og seie at språknormeringa handlar om å bestemme dei fastsette normene, og språkrøkta handlar om å ta vare på dei internaliserte normene. Vikør (1994, s. 213) forklarar vidare korleis mange av prinsippa bak språknormeringa legg vekt på skrivaren sine interesser, og mange av prinsippa bak språkrøkta legg vekt på lesaren sine interesser, noko som gjer at me får ei interessekonflikt mellom skrivaren (sendar) og lesaren (mottakar). Til dømes gjer valfridom, som også tek spesielt omsyn til skrivaren sine interesser, det tyngre for lesaren som kanskje må stoppe ekstra opp ved ei form han ikkje er vand med. Ein kan også freiste å trekke parallellar mellom språknormering og fastsette normer som begge legg



vekt på skrivaren/sendaren sine interesser. Samtidig som språkrøkt og internaliserte normer kan ha nokre parallellar fordi dei begge legg vekt på lesaren/mottakaren sine interesser.

Vikør (1994, s. 118) hevdar dei fleste språkinstansane likevel også driv med språkrøkt nettopp fordi dei skriv på den måten dei sjølve synst er rett og godt språk. Tekstskrivarane til dei ulike avisene og forlaga har til dømes sine egne språknormer, og det er difor i stor grad opp til tekstskrivarane og redaksjonane kva valfrie former dei vil bruke. Når ein då ser på bruksfrekvensar i elektroniske korpus, undersøker ein dermed mest språkoppfatninga til menneska som jobbar i ulike redaksjonar og forlag, og ikkje språkoppfatningane til den vanlege mannen i gata. Ein har difor gjennom elektroniske korpus mykje kunnskap om språkoppfatningane til menneske som jobbar i ulike språkinstansar, men den vanlege språkbrukaren si språkoppfatning veit ein ikkje like mykje om. Ein slik informasjon kan ein likevel få gjennom akseptabilitetsvurderingsoppgåver der ein enklare kan sjå kva språkoppfatningar som den vanlege språkbrukaren sjølv brukar og aksepterer.

#### 2.4 Nynorsk valfridom i praksis

Sidan nynorsk er tufta på dei mange dialektene våre, tillèt det nynorske språket også mykje valfridom. Dette gjer at språkbrukarane kan skrive talemålsnært, og valfridommen gjer det også mogleg for språkbrukarane å variere språket i større grad og skrive med ein meir personleg stil. Brunstad (2009, s. 95), Berg (1999, s. 105) og Selback (2001, s. 146) viser i sine undersøkingar at nynorskbrukarar er meir opptekne av å gjere skriftspråket sitt individuelt enn bokmålsbrukarar, og at bokmålsbrukarane er meir opptekne av dei «instrumentelle» sidene av skriftspråket, medan nynorskbrukarane er meir opptekne av egne val. Kanskje gjer denne individuelle språkføringa hos nynorskbrukarane at dei lettare aksepterer språkleg valfridom enn det bokmålsbrukarane gjer, spør Brunstad (2009, s. 95) i si undersøking. Akselberg (2003, s. 85) peikar også på denne tendensen i studien sin, der han hevdar at dei som meistrar nynorsk rimeleg godt, har ein større tendens til å ha ei positiv haldning til valfridom enn bokmålsbrukarane.

Ei nynorsk valfri form ville kanskje ha spegla ei dialekt betre, men likevel ser ein at den nynorske valfridommen ikkje blir utnytta i den grad han faktisk kunne blitt brukt, og det viser seg at språkbrukarane er usikre på kva som er «tillate» og ikkje på nynorsk. Studien til Berg (1999, s. 106) syner mellom anna at kompetansen om valfridom er nokså liten blant språkbrukarane slik at valfridomen eksisterer meir i teorien enn i praksis. Denne usikkerheita på kva som er lov og ikkje kan skape forvirring og gjer kanskje at nokon heller vel bokmål framfor nynorsk. Rødningen (2000, s.71) kjem med døme på korleis nynorsk valfridom kan motivere folk til å skifte frå nynorsk til bokmål. Han gjorde ein studie på elevar i den vidaregåande skulen i Lom som viste at nesten ein tredjedel av elevane skifta målspråk frå nynorsk til bokmål ved utgangen av vidaregåande skule. Elevane nemnde sterk bokmålsdominans og nynorsk rettskrivingsproblem som nokre av hovudårsakene til målskiftet.

Sjølv om valfridommen er like variert på bokmål, blir han oftast ikkje opplevd slik hos bokmålsbrukarane. Vannebo (2003, s. 291) nemner korleis den bokmålske bruksnormalen hos dei store tekstprodusentane ikkje er prega av språkleg variasjon, men heller konservativ bokmål. Likevel er det ofte ifølgje Vannebo denne konservative bokmålsforma som ein viser til når ein dokumenterer faktisk språkbruk.

## 2.5 Samsvarsbøying av perfektum partisipp

Fretland og Søyland (2016, s. 76) forklarar at perfektum partisipp er den adjektiviske forma av verbet og kan fungere som eit adjektiv. Når perfektum partisipp har ein adjektivisk funksjon, skal ein etter regelen samsvarsbøye partisippet på nynorsk. Partisippet kan då opptre i predikativ eller attributiv stilling. Predikativ stilling vil seie når partisippet står som predikat og beskriver subjektet eller objektet i setninga. Partisippet beskriver då som regel eit substantiv og kjem etter hjelpeverba *vere*, *verte* og *bli* som i til dømes: Boka er lesen/ hytta er byggd. Når partisippet opptre i attributiv stilling, står det som attributt føre substantivet i til dømes: Ei lesen bok/Ei byggd hytte. Dersom partisippet står til eit inkjekjønnsord, skal det ikkje samsvarsbøyast slik som: Dokumentet er lese/ Huset er bygt.

Det er difor som regel snakk om samsvarsbøying etter ho- eller hankjønns substantiv når ein snakkar om samsvarsbøying av perfektum partisipp.

Fram til 1981 var regelen at både sterke og svake partisipp i predikativ stilling skulle samsvarsbøyast etter substantivet (Faarlund et al., 1997, s. 518). Det same året blei det vedteke at ein framleis skulle ha denne regelen i læreboknormalen, men i rettskrivinga kunne ein bruke systemet utan samsvarsbøying ved svake eller sterke partisipp. I nynorskrettskrivinga frå 2012 (Kinn, 2016, s. 14-15) blei dette endra og det blei obligatorisk samsvarsbøying for sterke partisipp i predikativ stilling, medan det blei valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling.

Det er snakk om valfri samsvarsbøying av dei svake j-verba og e-verba, sidan det er desse som har ulik samsvarsbøying i kjønn og tal. I den nye rettskrivinga frå 2012 fortsette ein i tråd med den gamle vide rettskrivinga der e-verb og j-verb fekk valfri samsvarsbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling, medan e-verba og j-verba i attributiv stilling fortsette med obligatorisk samsvarsbøying (Kinn, 2016, s. 15).

Tabell 1. Oversikt over regelen for samsvarsbøying etter 2012 rettskrivinga.

	<b>Grad partisipp</b>	<b>Attributiv</b>	<b>Predikativ</b>
<b>Samsvar</b>	Sterk	Ei lesen bok	Boka er lesen
	Svak	Ei bygd hytte	Hytta er bygd (valfri)
<b>Ikkje-samsvar</b>	Sterk	*Ei lese bok	*Boka er lese
	Svak	*Ei bygt hytte	Hytta er bygt (valfri)


I personleg kommunikasjon med språkkonsulent og forfattar Aud Søyland (24. mars 2022) forklarar ho at grunnen til at svake partisipp i attributiv stilling ikkje har valfri samsvarsbøying, men svake partisipp i predikativ stilling har det, er at norske språkbrukarar praktiserer samsvarsbøying ulikt i dei to posisjonane. I predikativ stilling er det mange som ikkje samsvarsbøyer det svake partisippet, men i attributiv stilling bøyer ein iallfall det svake partisippet i bestemt form (den nybygde hytta) og i fleirtal (dei nybygde hyttene). Ein språkbrukar vil dermed stusse over eit ubøygde svakt partisipp i fleirtal i attributiv stilling som

i til dømes: \*Dei nybygd hyttene. Søyland forklarer vidare at ho ser at mange kan finne på å ikkje samsvarsbøye partisippet når det står i eintal, altså at ein skriv «\*Ei nybygt hytte» framfor «Ei nybygd hytte».

Søyland (personleg kommunikasjon 24. mars 2022) forklarer at i predikativ stilling derimot er ikkje denne samsvarsbøyinga like tydeleg og fleire dialektar droppar samsvarsbøyinga av sterke og svake partisipp. Desse dialektbrukarane kan då veksle mellom former som: Hytta er leigd/leigt, Hyttene er \*leigd/leigde og Boka er lesen/\*Boka er lese. Søyland (personleg kommunikasjon 24. mars 2022) foreslår å droppe regelen for obligatorisk samsvarsbøying av sterke partisipp i predikativ stilling og føreslår at folk heller kan skrive som dei vil. Ho legg til at det uansett også berre er dei aller færreste som meistrar desse reglane, og det endrar ingen ting av forståinga om ein samsvarsbøyer partisippa eller ikkje.


## 2.6 Samsvarsbøying i dei ulike dialektene

Måten ein snakkar på spelar også inn på språkoppfatninga til folk, og i akseptabilitetsvurderingsstudiane skil eg mellom dialektområde for å klargjere om talespråket har ein innverknad på språkoppfatninga til respondentane. Sandstedt (2022) viser i si undersøking at samsvarsbøyinga av sterke og svake partisipp i predikativ stilling minkar i dei ulike sunnmørsdialektene, og i Figur 1 visualiserer han korleis den generelle trenden er at dei yngre respondentane har mykje mindre samsvarsbøying i dialekta si enn dei eldre. I Figur 2 ser ein også korleis dette fråfallet av samsvarsbøying hos den yngre generasjonen er lik i alle dei forskjellige sunnmørske dialektene.



Figur 1. Samsvarsbøying i Sunnmørske dialekter fordelt på alder. Kjelde: Sandstedt, 2022.

Velle (2016, s.46) har også stadfesta i si undersøking korleis systemet med samsvarsbøying av partisipp i predikative stillingar i herøydialekta endrar seg hos dei yngre respondentane. Det ser altså ut til at systemet med inga samsvarsbøying i predikative stillingar tek meir over i fleire av dei sunnmørske dialektene.



Figur 2. Fordeling av samsvarsbøying etter alder og sunnmørsk dialekt. Kjelde: Sandstedt, 2022.

### 2.6.1 Samsvarsbøying i dialektene: sterke partisipp i predikativ stilling

Sandøy (1988, s. 85) gir eit oversyn over utbreiinga av samsvarsbøying av partisipp i predikativ stilling i dei forskjellige dialektene. Grunnen til at han berre ser på dei predikative stillingane er fordi det er her variasjonen er størst og minst kjent, og det er denne stillinga som har vore mest interessant i normeringsdebatten om nynorsk rettskriving. Han legg også til at i det attributive systemet er det ofte fleire opposisjonar enn i det predikative systemet. Sandøy forklarar fordelinga av samsvarsbøying gjennom ulike system, og eg ser nærare på systema for samsvarsbøying av sterke og svake partisipp.

I Tabell 2 er det ei oversikt over Sandøy (1988) si oppdeling av dei sterke partisippa sine ulike bøyingssystem i dialektene. Mange av dei vestnorske dialektene, inkludert dei sunnmørske, kjem til dømes inn under det Sandøy (1988, s. 94) kallar for System 1. System 1 går ut på at ein samsvarsbøyer sterke partisipp etter tal og kjønn. Sandøy (1988, s. 87) deler inn i

endingane -en, -a, -e og -ne, som til dømes: teksten(m) er lesen, boka (f) er lesa, dokumentet (n) er lese og tekstane (fl.t) er lesne.

Tabell 2. Oversikt over Sandøy (1988) sitt system for samsvarsbøying av sterke partisipp i dei ulike dialektområda.

	System 1	System 2	System 3	System 4	System 5
<b>Samsvarsbøying</b>	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei
<b>ng</b>	Tal og kjønn: m, f, n, pl.	Tal og kjønn: m/f, n, pl.	Tal og kjønn: m, f/n, pl.	Kjønn: m/f/pl., n	m/f/n/pl.
<b>Ending</b>	-en, -a, -e, -ne	-en, -e, -ne	-en, -i, -ne	-en, -e	-en/-e/-i
<b>Dialektområde</b>	Vestnorsk	Austnorsk Sørnorsk	Telemarksbygder	Helgeland	Trøndersk Nordnorsk
<b>Merknad</b>		Gudbrandsdal sdialektene har ikkje samsvarsbøying av sterke partisipp, men samsvarsbøye r svake partisipp.	Systemet er «utsatt» i konkurransen med andre system.	Systemet har måtte vike for system 5	Finn også systemet i Kristiansun d, Molde og Bergen

Grovt sett kan ein plassere dei austnorske og sørnorske dialektene inn under System 2. Her samsvarsbøyer ein også i likskap med System 1 etter eintal og fleirtal, men hankjønn og hokjønn vert slått saman. Slik ser då endingane ut i dette systemet: -en, -e, -ne som i til dømes: Teksten(m) er lesen, Boka(f) er lesen, Dokumentet(n) er lese og Tekstane(fl.t) er lesne.

Dei trønderske dialektene har ikkje samsvarsbøying av korkje sterke eller svake partisipp, og desse dialektene kjem inn under Sandøy (1988, s. 90, s. 96) sitt System 5 som har lik ending i alle tal og alle kjønn. Endinga er som regel -en, men ho kan også vere -i eller -e, som i til dømes: Teksten (m) er lesen/e/i, Boka (f) er lesen/e/i, Dokumentet (n) er lesen/e/i og Tekstane (fl.t) er lesen/e/i. Det meste av Nord-Noreg og Trøndelag har altså inga samsvarsbøying av perfektum partisipp, korkje i svake eller i sterke partisipp.

### 2.6.2 Samsvarsbøying i dialektene: svake partisipp i predikativ stilling

Tabell 3 gir ei oversikt over Sandøy (1988, s. 105-108) sitt system for samsvarsbøying av svake partisipp i ulike dialekter. Han viser at mange av dei vestnorske dialektene, inkludert dei sunnmørske dialektene, høyrer til det han kallar for System A, der ein har samsvarsbøying i kjønn og tal. Han kjem med døme frå e-verba og j-verba som har dette bøyingsmønsteret i dialektene sine: m/f= -d, n= -t og fl.t.= -de. Dei vestnorske dialektene som fell inn under dette systemet tillèt då berre samsvarsbøygde svake partisipp som i setningar som «Hytta er bygd», og ikkje den valfrie ikkje-samsvarsbøygde varianten som «Hytta er bygt».

Når ein ser vidare på det Sandøy (1988, s. 108) kallar System C, har dette dialektsystemet berre bøying i tal, det vil seie at til dømes e-verba og j-verba får -d/t ending i eintal, uavhengig av kjønn, og i fleirtal får dei endinga -de/-te. Dialektbrukarane som høyrer til System C vil dermed godta ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp som til dømes «Hytta er bygt» like mykje som dei vil godta samsvarsbøygde svake partisipp som «Hytta er bygd». Dialektene med dette systemet finn ein spreidd rundt på Aust- og Vestlandet, og Sandøy (1988, s. 108) skriv også i 1988 vel og merke, at dei unge i Hordaland og Hallingdal ser ut til å ta i bruk dette systemet framfor System A.

Tabell 3. Oversikt over Sandøy (1988) sitt system for samsvarsbøying av svake partisipp i dei ulike dialektene.

	<b>System A</b>	<b>System B</b>	<b>System C</b>	<b>System D</b>
<b>Samsvarsbøying</b>	Ja	Ja	Ja	Nei
	Tal og kjønn: m/f, n, pl.	Kjønn: m/f/pl., n,	Tal: m/f/n, pl.	m/f/n/pl.
<b>Ending</b>	-d, -t, -de	-d, de	-d, -de -t, -te	-t/-d
<b>Dialektområde</b>	Vestnorsk	Hol i Hallingdal	Modum, Bø, Numedal Austnorsk	Nordnorsk Trøndersk Austnorsk
<b>Merknad</b>	Finn også dette systemet i Valdres, Hallingdal og nokre fjellbygder i Telemark		Dei unge i Hodaland og Hallingdal brukar dette systemet framfor system A	Finn også systemet i Ålesund, Høyanger, Bergen, Odde og Tyssedal



Det er også verdt å merke seg System D som ikkje har samsvarsbøying av svake partisipp slik at alle formene får lik ending uavhengig av tal eller kjønn. Dei godtar då former utan samsvarsbøying som i setningar som «Hytta er bygt» og «Hyttene er bygt». Dette systemet fell inn under det største området i landet, og ifølge Sandøy (1988, s. 108) gjeld dette systemet for heile landet nord for Dovre, Romsdalen og Østerdalen. I tillegg gjeld også dette systemet for nokre lokale området på Vestlandet som Ålesund, Høyanger, Bergen, Odda og Tyssedal.

Denne over tretti år gamle studien til Sandøy viser likevel at systemet utan samsvarsbøying av svake og sterke partisipp dominerer i mange av dei norske dialektene, og nyare studiar (Sandstedt, 2022; Velle, 2016) hevdar også at samsvarsbøyinga minkar hos den yngre generasjonen i fleire vestnorske dialekter. Faarlund et al. (1997, s. 520, s. 773) påpeikar i tillegg at det i fleire dialekter manglar samsvarsbøying i predikativ, og at ein bruker eintalsforma til partisippet sjølv om substantivet står i fleirtal. Det gjeld mellom anna dialektene i Bergen, Trondheim og Tromsø og difor dukkar det også sporadisk opp i tekst. Systemet med samsvarsbøying av partisipp i predikativ stilling står sterkast i nokre av dialektene på Vestlandet og i fjellbygdene på Austlandet. I resten av landet har dei vanlegvis ikkje samsvarsbøying i talemålet, og difor samsvarsbøyer ein ikkje partisippa, men brukar nøytrumsforma av partisippet i alle stillingar.

### 3. Metode

I denne studien brukar eg akseptabilitetsvurderingsoppåver og tekstkorpus til å undersøke korleis nynorsk partisippbøying vert oppfatta og brukt av språkbrukarane. I

akseptabilitetsvurderingsstudiane ser eg mellom anna på korleis respondentane oppfattar valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling, og i korpusstudiane ser eg på korleis denne valfrie forma blir brukt i tekstproduksjon. Bross (2019 a, s. 3-4 ) seier at dersom lingvistar er ueinige i datamaterialet, bør dei stole på det empiriske datamaterialet som er samla inn frå morsmålsbrukarar. Dette empiriske datamaterialet frå morsmålsbrukarar er det eg har samla inn og analysert i denne oppgåva.

#### 3.1 Tekstproduksjon: korpusstudie som metode

Eg brukar Norsk Ordboks Nynorskkorpus til å undersøke nærare korleis tekstskrivarar brukar samsvarsbøying av sterke og svake partisipp i attributiv og predikativ stilling i produsert tekst. Tekstsamlinga til Nynorskkorpuset har tekstar frå ulike sjangrar som mellom anna skjønnlitteratur, avis- og tidsskrift og tekstar frå offentleg målbruk.

Tekstkorpus i kombinasjon med akseptabilitetsvurderingar kan gi nyttig informasjon om det trykte språket versus språkbrukarane sin oppfatning av det. Likevel kan eit korpus også gi «feilinformasjon» om språket sidan det ikkje famnar om alle avsendargrupper eller sjangrar. Til dømes kjem mykje av teksten i elektroniske korpus frå aviser eller forlag der teksten har gått igjennom språkvask og ein redaktør. Ein kan difor ikkje seie at tekstane i eit korpus speglar heile omfanget av språket, men heller ein mindre og kontrollert del av språket. Johannessen (2003, s. 148) understrekar at eit korpus i seg sjølv ikkje er representativt for alle språkbrukarar, og at ein difor bør bruke korpusstudiar saman med andre undersøkingar som til dømes spørjeundersøkingar. Når ein ser på førekomsten av samsvarsbøygde partisipp i produsert tekst, kan ein difor samanlikne dette med språkbrukarane sine egne oppfatningar som ein mellom anna får gjennom akseptabilitetsvurderingsoppgåver.

### 3.1.1 Materiale

Norsk Ordboks Nynorsk-korpus har om lag 100 millionar ord og er tagga med Oslo-Bergen-taggar. Tekstkorpuset har mellom anna informasjon om forfattar, årstal og tekstsjanger. I korpusstudien gir likevel søkeresultatet eit stort fleirtal av tekstar som er produserte på 2000 talet, og flest tekstar kjem frå avissjangeren.

### 3.1.2 Framgangsmåte

I korpusstudien har eg undersøkt samsvarsbøying i kjønn eintal og ikkje sett på fleirtal. Grunnen til dette er fordi eg i akseptabilitetsvurderingsstudien berre har sett på eintal og ikkje fleirtalssamsvarsbøying. Eg har også berre teke føre meg dei 200 mest frekvente sterke og svake partisippa i attributiv og predikativ stilling slik at eg enklare kan kvalitetssikre partisippa.

Då eg gjekk igjennom setningane i predikativ stilling frå Nynorsk-korpuset støytte eg på eit problem med samsvarsbøying av feil substantiv. I til dømes frasen «prøver som var tekne av vegbanen vart analyserte...», tolkar korpuset det som at partisippet «analyserte» samsvarer med substantivet «vegbanen» og ikkje «prøver», det var fleire slike førekomstar som då også ga mange feilresultat. For å unngå slike misforståingar har eg difor berre sett på partisipp i predikative stillingar frå setningsstart. Ved å legge til `<s> [0,5] {` i starten av søkestrengen til tekstkorpuset får eg opp berre starten av setninga. 0,5 betyr at eg får dei fem første førekomstane i setninga slik at eg berre held meg til døme frå starten av setningane. Eg har brukt denne søkestrengen: `<s> [0,5] { {subst} "er|var|blir|blei|vert|vart" ["*(t|de|d|en|e)" & {<perf-part>}]` til å hente svake og sterke partisipp i eintal i predikativ stilling frå Nynorsk-korpuset. Søkestrengene kan lesast slik at «subst» betyr at ein vil ha førekomstar med substantiv som startar setninga for deretter å ha eit av verba: er, var, blir, blei, vert vart, etterfølgt av eit perfektum partisipp som sluttar på anten t, de, d, en eller e.

Dei svake partisippa i attributiv stilling har eg henta fram med denne søkestrengen:


```
["ei|ein|eit" & morph = ("det")] ["*t|.d" & morph = ("<perf-part>")] [morph = ("subst")] og  
dei tilsvarende sterke partisippa har eg henta fram med denne søkestrengen: ["ei|ein|eit" &
```

morph = ("det")) [".\*en|.\*e" & morph = ("<perf-part>")] [morph = ("subst")]. Når eg har sett på setningar i attributiv stilling, har eg sett etter setningar som startar på ubestemt artikkel der «det» står for determinativ. Vidare i søkestrengen har eg lagt til perfektum partisipp som sluttar på -t eller -d for dei svake partisippa eller -en eller -e for dei sterke partisippa etterfølgd av eit substantiv («subst»). Slik får eg fram svake og sterke partisipp i attributiv stilling.


### 3.1.3 Rydding av korpusdataa

Når ein brukar store tekstkorpus som dette, må ein også forvente å finne ein del tekstar med feil som til dømes ikkje har blitt koda rett. Eg har mellom anna funne fleire setningar der «blitt» og «helt» står som partisipp i setningar som: «Gleda er blitt for stor» og «Bilen var helt svart». Difor har eg rydda opp i korpusdataa slik at eg kan vere sikker på at datamaterialet har ordentlege setningar på nynorsk med riktige partisipp som gir mening for språkbrukarane.

Dataa frå tekstkorpuset varierer i kor mange tekstar som er representerte frå kvar tekstsjanger. Ein tekstsjanger har til dømes tre tilfelle av samsvarsbøying, medan ein annan tekstsjanger har over 3000 tilfelle av samsvarsbøying. Eg har difor filtrert dataa slik at eg berre ser på tekstsjangrar med 49 datapunkt eller fleire, og difor er berre dei fire tekstsjangrane avis, saklitteratur, skjønnlitteratur og tidsskrift med etter dataryddinga.




Figur 3. Datarydding steg for steg av svake partisipp i predikativ stilling.




Figur 4. Datarydding steg for steg av svake partisipp i attributiv stilling.

I Figur 3 og Figur 4 forsvinn mange av datapunkta i steg 2 der ein berre tek utgangspunkt i dei bøyelege partisippa. Mange av dei svake partisippa viser ikkje samsvarsbøying og har lik form i både inkjekjønns, ho- og hankjønns. Nokre døme på slike partisipp er: anerkjent, bestemt og godkjent, desse orda tillèt valfri samsvarsbøying også når substantivet er hankjønns eller hokjønns, slik at ein til dømes kan velje mellom å skrive: «Ei godkjent/godkjend lov»/ «Ein godkjent/godkjend søknad». Av den grunn har eg difor måtte fjerne desse frå korpusdataa og berre sett på dei partisippa som viser samsvarsbøying, og av dei 200 mest frekvente svake partisippa var 57 av dei bøyelege svake partisipp i predikativ stilling og 28 av dei bøyelege svake partisipp i attributiv stilling.

I Figur 4 er det 9979 datapunkt frå søkestrengen til dei svake partisippa i attributiv stilling, likevel sit eg att med berre 294 datapunkt som eg baserer figurane og dei statistiske modellane på. Det er nokså få datapunkt samanlikna med datapunkta eg fekk frå søkestrengen til dei i predikativ stilling. Det viser seg då at Nynorskorpuset har fleire tilfelle med svake partisipp i predikative enn i attributive stillingar.



Figur 5. Datarydding steg for steg av sterke partisipp i attributiv stilling.



Figur 6. Datarydding steg for steg av sterke partisipp i predikativ stilling.

Dei sterke partisippa i Figur 5 og Figur 6 er alle bøyelege, så då treng ein i utgangspunktet ikkje å filtrere vekk på same måte som med dei svake partisippa. Eg har også her teke føre meg alle dei 200 mest frekvente sterke partisippa i predikativ stilling. I attributiv stilling derimot er det ein del ord som er merka som partisipp utan å vere det, og desse har eg difor fjerna. Etter dataryddinga sit eg då att med 157 sterke partisipp i attributiv stilling som kan analyserast.

### 3.2 Språkoppfatning: akseptabilitetsvurdering som metode

Hensikta med ei spørjeundersøking med akseptabilitetsvurderingsoppgåver er at ho skal gi kvantitative data slik at ein betre kan forstå korleis språkbrukarane oppfattar og vurderer

ulike språkfenomen. Ringdal (2013, s. 117, s. 199) forklarer at det er fleire positive sider ved å bruke spørjeskjema som metode. For det første vil respondentane få standardiserte spørsmål, og spørsmåla vil då heller ikkje variere mellom deltakarane. Han legg også til at å bruke spørjeskjema sikrar personvernet til respondenten i høg grad. Spørjeskjemaet kan til dømes fyllast ut når ingen andre er til stades og respondentane er også anonyme. I tillegg legg Johannesen et al., (2015, s. 259) til at å bruke spørjeskjema som metode, gjer det mogleg å samle inn mykje data frå mange deltakarar på kort tid.

Johannesen et al. (2015, S. 259- s.260) forklarer også at å bruke spørjeundersøking som metode har sine utfordringar. Til dømes veit ein ikkje korleis respondentane tolkar spørsmåla i skjemaet, og det er stor sjanse for at deltakarane tolkar spørsmåla på forskjellige måtar. Ein har difor få kontrollmoglegheiter og lite fleksibilitet i intervjuprosessen når ein brukar spørjeskjema, noko som kan spele inn på dataa. Røstad (2008, s. 15) påpeiker også at ulike metodar for å hente språkoppfatningsdata gir lite tid til å stusse over språkvalet. Det er med andre ord ikkje lagt til rette for at språkbrukaren kan reflektere over eller grunngi språkvurderinga si, noko ein kanskje i større grad kan gjere med andre metodar som til dømes intervju.

Det er difor fleire faktorar som kan påverke dataa når ein brukar spørjeundersøking. I tillegg til det faktum at ein ikkje har kontrollmoglegheit, påpeikar også Bross (2019 a, s. 8) at ein heller ikkje har noko moglegheit til å vite om deltakarane har skjønt kva dei skal gjere eller ikkje. Ein må berre stole på at introduksjonsteksten er sjølvforklarande nok.

### 3.2.1 Materiale

For å kunne lage gode akseptabilitetsvurderingsoppgåver slik at resultata blir truverdige og kan brukast i vidare analyse, krevst det eit forarbeid. Eg har mellom anna prøvd å bruke vanlege partisipp og enkle setningar slik at testsetningane skal vere så tydelege for respondentane som mogleg og at ein minskar sjansen for misforståingar.

### 3.2.1.1 Test- og fyllsetningar

Det er åtte tilstandar som eg ville teste i akseptabilitetsvurderingsstudien og desse tilstandane er difor inkluderte i testsetningane. Bross (2019 a, s. 32-33) nemner at ein bør prøve å ha setningar med så lik struktur som mogleg i spørjeskjemaet. Til dømes foreslår han å unngå for mykje variasjon i verbstrukturen og tilrår lik verbstruktur i alle setningsdøma. Eg har difor latt testsetningane stå i presens, og alle har eit subjekt, verbal og direkte objekt. Eg har også brukt ord som eg meiner språkbrukarane har god kjennskap til, og i tillegg har eg unngått tunge formuleringar og prøvd å la setningane vere så korte og enkle som mogleg. Eg har også teke stilling til kor mange gonger deltakarane skal bli eksponerte for den same testtilstanden, og eg følgde Johannesen et al. (2015, s. 273) sitt tips om å ha færrest mogleg, men likevel nok spørsmål slik at ein ikkje slit ut deltakarane, og samtidig får svar på det ein vil finne ut av. Den same testtilstanden blei difor eksponert for kvar deltakar fire gonger. Når dei åtte tilstandane hadde fått plass i fire ulike setningar, hadde eg til saman 32 testsetningar. I Tabell 4 er dei åtte tilstandane som vart testa i akseptabilitetsvurderingsstudien.

Tabell 4. Tilstandane som blei testa i akseptabilitetsvurderingane med setningsdøme.

	<b>Tilstand</b>	<b>Døme</b>
A	Attributt, ikkje-samsvar, sterk	«*Ei lese bok»
B	Predikativ, ikkje-samsvar, sterk	«*Boka er lese»
C	Attributt, samsvar, sterk	«Ei lesen bok»
D	Attributt, ikkje-samsvar, svak	«*Ei bygt hytte»
E	Predikativ, samsvar, sterk	«Boka er lesen»
F	Predikativ, ikkje-samsvar, svak	«Hytta er bygt» (valfri)
G	Attributt, samsvar, svak	«Ei bygd hytte»
H	Predikativ, samsvar, svak	«Hytta er bygd» (valfri)

Eg har også følgd Bross (2019 a, s. 34) sitt råd om å ha med like mange fyllsetningar som testsetningar og enda då opp med eit spørjeskjema med til saman 64 test- og fyllsetningar. Fyllsetningar er setningar som ein legg til i spørjeundersøkinga som ikkje har noko med den faktiske studien å gjere. Schütze & Sprouse (2013, s. 39) nemner tre grunnar til å ha med fyllsetningar i ei spørjeundersøking som denne. For det første er hensikta med å legge til



fullsetning å «forvirre» deltakarane, slik at dei ikkje skal skjøne kva som ein eigentleg testar og på den måten kunne påverke svara sine. For det andre vil fullsetningane kunne forsikre forskaren at heile skalaen har blitt brukt cirka like ofte. Til sist hevdar dei at fullsetningane kan bli brukt til å studere andre språklege problemstillingar. Bross (2019 a, s. 33) påpeiker også at å inkludere fullsetningar er ein viktig metode for å unngå at deltakarane kjenner igjen mønsteret til dei faktiske testsetningane. I spørjeundersøkinga har eg i tillegg til grammatisk korrekte fullsetningar, lagt til nokre fullsetningar med tydelege grammatiske feil. Ein grunn til dette er å få stadfesta om deltakarane følger med på setningane, eller om dei berre vurderer setningane vilkårlig.

### *3.2.1.2 Likert-skala*

I akseptabilitetsvurderingsoppgåvene blei deltakarane bedne om å rangere setningar på ein Likert-skala frå 1 til 7. Deltakarane skulle ta stilling til i kor stor grad ei setning var vanleg eller ikkje for dei. Talet 1 blei beskrive som heilt uvanleg og 7 blei beskrive som veldig vanleg. Bross (2019 a, s. 15) anbefaler å bruke ein skala frå 1-7 og argumenterer med at dette er ein av dei mest brukarvennlege skalaane fordi ein mellom anna får meir informasjon med ein Likert-skala enn ved å berre bruke ja/nei spørsmål. Schütze og Sprouse (2013, s. 33) legg til at det er mest vanleg å bruke ein oddetalsskala, anten 1-5 eller 1-7, slik at respondentane slepp å ta ei side, og kan halde seg «nøytrale» på midten. Ein Likert-skala gir også respondentane høve til å sette ein verdi på kor akseptable dei meiner ei setning er, slik at ein då kan bruke denne verdien til å analysere dataa.

Schütze & Sprouse (2013, s. 33-34) nemner også ulemper med å bruke Likert-skala til å vurdere setningar. Det at deltakarane mellom anna berre kan bruke eit avgrensa sett med tal, gjer at ein ikkje kan vite om deltakarane handterer avstanden mellom 1 og 2 på same måte som til dømes avstanden mellom 4 og 5. Dette problemet meiner dei likevel kan minimerast ved å legge til øvesetningar i starten av spørjeundersøkinga, slik at deltakarane får ei kjensle av å bruke heile skalaen før dei tek fatt på den «ekte» spørjeundersøkinga. Dette er også grunnen til at eg har inkludert fem øvesetningar i starten av akseptabilitetsvurderingsoppgåvene.

### *3.2.1.3 Latinsk kvadrat*

Ringdal (2013, s. 208) skriv at det også er viktig å tenke på rekkefølga til spørsmåla i ei spørjeundersøking, slik at ein unngår rekkefølgeeffekt. Rekkefølgeeffekt kan vere spørsmål som er stilt tidlegare i spørjeundersøkinga og som påverkar svara til spørsmåla som kjem seinare. Ein slik rekkefølgeeffekt kan ein unngå med å sette testsetningane i ein latinsk kvadrat. Latinsk kvadrat er ein måte å fordele setningar på. I oppsettet av spørjeundersøkingane har eg brukt latinsk kvadrat til å fordele setningane slik at ein minskar sjansen for rekkefølgeeffektar. I tillegg til å ordne testsetningane i ein latinsk kvadrat har fyllsetningane blitt satt inn ved hjelp av tilfeldigfunksjonen i Excel. På den måten har test- og fyllsetningane blitt blanda tilfeldig, og dette kan minske sjansen for rekkefølgeeffekt.

### *3.2.2 Framgangsmåte*

Gjennomføringa av spørjeundersøkinga kan også spele også ei rolle på respondentvurderingane. Eg har difor prøvd å gi deltakarane ein tydeleg instruksjon i kva oppgåva går ut på, i tillegg har eg også passa på at dataprogrammet som spørjeundersøkinga har blitt sendt ut i er enkelt for dei å bruke. Det har også vore viktig å få ei respondentgruppe med ein balanse mellom dei demografiske forholda som kjønn, alder og dialektområde.

#### *3.2.2.1 Instruksjon til respondentane*

Måten ein ordlegg seg i instruksjonen til respondentane, kan ha noko å seie for korleis dei vurderer ei setning. I denne akseptabilitetsvurderingsstudien testar eg respondentane sine språkoppfatningar, og difor unngår eg å bruke ord som «grammatisk» i instruksjonsteksten fordi ein ofte har ulike oppfatningar om kva som er grammatisk riktig avhengig av kva bakgrunn ein har (Bross, 2019 a, s. 43). For å unngå at respondentane heng seg for mykje opp i kva skulegrammatikken har lært dei, meiner difor Bross at ein heller kan bruke nemninga «naturleg». På den måten har ein større sjanse for at deltakarane vurderer setningane ut i frå korleis dei faktisk blir brukt framfor korleis skulegrammatikken seier at ein skal bruke dei.

På den andre sida vart det påpeika i forelesninga «*kva er skriftkultur, skriftkultur-ei innføring*» (personleg kommunikasjon, Helset, 2019) at skriftspråk er eit kulturelt fenomen og ikkje eit naturvitskapleg fenomen, og nemninga «naturleg» høyrer difor betre heime i naturvitskapen enn i skriftkulturen. Dette er ein av grunnane til at eg i instruksjonsteksten enda opp med å bruke nemninga «vanleg» framfor «naturleg». I tillegg trur eg også at det er enklare for respondentane å ta stilling til kor vanleg dei synes ei setning er enn kor naturleg dei synes ei setning er.

Det er også viktig at instruksjonsteksten er kort og lettfatta slik at det er enkelt for deltakarane å skjønne kva dei skal gjere. I akseptabilitetsvurderingsoppgåvene har eg difor brukt mykje av Bross (2019 a, s. 44) sine forslag til instruksjonstekst og presisert i tillegg at det er snakk om det skriftlege språket. Slik såg instruksjonsteksten til akseptabilitetsvurderingane ut:

I denne spørjeundersøkinga blir du bedt om å vurdere nynorske setningar. Du skal rangere kvar setning der **1 betyr «heilt uvanleg» og 7 betyr «veldig vanleg»**. Det er du sjølv som bestemmer om ei setning er vanleg eller ikkje, men som ein hugseregulering kan du tenke at ei setning blir sett på som vanleg når:

- Du ville ha brukt setninga sjølv (skriftleg).

**I tillegg er det lurt å hugse på dette når du dømmer setningane:**

- Prøv å ikkje dømme setningane ut frå setningsinnhaldet.
- Studien handlar om korleis nynorsk blir brukt i dagleglivet (skriftleg), ikkje nødvendigvis kva som er rett og gale.

Schütze & Sprouse (2013, s. 37) peikar likevel i si undersøking på at det har relativt lite å seie korleis utforminga av instruksjonsteksten påverkar resultatane, for ein har uansett lite kontroll over korleis deltakarane vel å svare på spørjeundersøkinga. Samtidig finst det generelt lite forskning på korleis instruksjonsteksten kan påverke respondentsvara.

### 3.2.2.2 Rekruttering av deltakarar

Når ein brukar statistisk metode, er det viktig å skilje mellom populasjonen og utvalet. I statistikk blir omgrepet «populasjon» sett på som heile befolkninga innan det som skal undersøkast. Omgrepet «utval» derimot er ein del av den heile populasjonen. I mange tilfelle er det umogleg å få ei klar oversikt over heile populasjonen (Johannesen et al. 2015, s. 240). Populasjonen i denne spørjeundersøkinga er alle norsktalande som også meistrar nynorsk, det er ei nær sagt umogleg oppgåve å få informasjon om kor godt heile populasjonen vurderer ulike nynorsksetningar, difor fokuserer ein heller på eit utval som kanskje kan spegle populasjonen i nokon grad.

Johannesen et al. (2015, s. 241) forklarar at måten ein vel eit utval på og får eit representativt utval som kan spegle heile populasjonen, blir kalla sannsynsutval. Vidare opplyser dei om at dersom ein bruker gode strategiar for trekninga av utvalet, har ein også gode sjansar til å få ei representativt gruppe. Ei slik representativ gruppe får ein viss samansettinga av ulike eigenskapar i utvalet er lik samansettinga av ulike eigenskapar i populasjonen. Eit døme på dette kan vere at utvalet må bestå av ein cirka like stor del menn som kvinner.

I mange kvantitative undersøkingar blir det ikkje brukt eit tilfeldig sannsynsutval. Dette vert kalla strategisk utval eller ikkje-sannsynsutval, og det er fleire måtar å trekke slike strategiske utval på. Johannesen et al (2015, s. 244, s. 106) forklarar at strategisk utval går ut på at forskaren først tenker igjennom kva målgruppe som må delta for at ein skal få samla dei nødvendige dataa, for så å velje ut personar frå målgruppa som kan delta i undersøkinga. Utvalet i denne spørjeundersøkinga er eit strategisk utval fordi undersøkinga er publisert på ulike Facebook-grupper der eg trur det er størst sjanse for å få respondentar som er villige til å svare på spørjeundersøkinga. Spørjeundersøkinga er publisert på Facebook-grupper til ulike mållag som [Noregs mållag](#), [Norsk Målungdom](#), [Bergen Mållag](#), [Oslo Mållag](#), [Mållaget i Kristiansand](#), [Nidaros Mållag](#), [Fron Mållag](#), [Troms og Finnmark mållag](#), [Tromsø Mållag](#), og [Inderøy mållag](#). Grunnen til at eg valde å publisere spørjeundersøkinga på forskjellige

mållagssider, var at der kunne ein ha større moglegheit til å få representantar frå alle dialektene og samstundes deltakarar som var villige og interesserte i å gjennomføre undersøkinga. Å bruke eit strategisk utval som dette inneber også at utvalet heller ikkje blir eit representativt utval, slik at respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien ikkje er representative for nynorskbrukarane som ei gruppe. Ein må difor vere varsam med å trekke slutningar basert berre på resultatata frå spørjeundersøkinga.

### 3.2.2.3 Nettskjema

Eg har laga spørjeundersøkinga i Nettskjema, og denne nettsida gjer det mogleg å samle inn data på nettet via spørjeskjema. Nettsida er gratis for studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda. Nettskjema tek også omsyn til respondentane sitt personvern, og sidan respondentane i spørjeundersøkinga er anonyme, blir ikkje metadata som tidspunkt for levert svar eller IP-adressene deira lagra. Difor var det heller ikkje behov for å melde spørjeskjemaet inn til Norsk senter for forskingsdata (NSD).

### 3.2.2.4 Rydding av dataa frå akseptabilitetsvurderingsstudien

Eg har brukt Tidyverse i R (Wickham et al., 2019) til å rydde rådataa og å slå saman svardata frå respondentane med dokumentet med dei 32 testsetningane og dei 32 fyllsetningane. Som ein del av dataryddinga er det vanleg å standardisere dataa ved hjelp av z-skår. Z-skår handlar om at ein ordnar dataa ut i frå kor mange standardavvik dataa er frå gjennomsnittet på null (Winter, 2019, s. 88). Bross (2019 a, s. 59) forklarar z-skår med at vurderinga frå kvar respondent i spørjeundersøkinga blir normalfordelt med eit gjennomsnitt på 0 og standardavvik på 1 slik at ein får positive og negative verdiar rundt gjennomsnittet på 0. Figur 7 viser formelen for å standardisere dataa til z-skår.

$$Z = \frac{x - \mu}{\sigma}$$

Figur 7. Formel til standardisering av data. Kjelde: Bross, 2019 a, s. 59

Ein kan også sannsynsfordele dataa og dimed få eit betre oversyn over dei. Ein av dei vanlegaste sannsynsfordelingane i statistikk er normalfordelinga. I ei normalfordeling er dataa symmetrisk sentrert rundt gjennomsnittet (Winter, 2019, s. 54), og gjennomsnittet er sentrert rundt 0 og standardavviket frå 1 og oppover.

Slike data som ein får gjennom Likert-skala, er målt på eit ordinalnivå (Bross, 2019 a, s. 47). Bross greier vidare ut om at eit kjenneteikn på data som er målt på ordinalnivå, er at dataa er rangert, men avstanden mellom stega er ikkje definerte. Til forskjell er intervalldata definerte, det vil seie at stega mellom tala er av same storleik. Ein kan av den grunn rekne gjennomsnittet av intervalldata, men til ordinaldata må ein heller bruke medianskåren.

Eit parameter er tala som blir brukt til å beskrive ein sannsynsfordeling som til dømes i ei normalfordeling. Desse tala kan vere gjennomsnittet eller standardavviket (Bross, 2019 a, s. 30). Ein parametrisk test er tufta på statistiske fordelingar i dataa, medan ein ikkje-parametrisk test ikkje er tufta på noko statistisk fordeling, og i staden for kan ein heller bruke tal frå ordinaldata som til dømes medianen (Frost, 2017). Parametriske testar kan bruke data til å anta noko om ein heil populasjon, mens ikkje-parametriske testar kan berre bli brukt til å anta noko om sjølve dataa i eksperimentet (Schütze & Sprouse, 2013, s. 44).

Endressen og Janda (2016, s. 2019) ser nærare på korleis ein kan handtere data som kjem frå Likert-verdiar i akseptabilitetsvurderingsoppgåver. I studien sin brukar dei både parametriske og ikkje-parametriske testar når dei ser på fem ulike statistiske modellar for Likert-dataa. Dei hevdar at alle modellane har krafta til å analysere dataa, men dei kjem med ulike prognosar om datasettet. Dei konkluderer med at sjølv om dei fem modellane handterer dataa ulikt, passar alle modellane meir eller mindre til å analysere data frå Likert-verdiar.

Det er likevel diskusjon i fagmiljøa om ein kan gå ut i frå at det er like store avstandar mellom Likert-verdiane slik at ein kan behandle dataa som intervalldata og difor bruke

parametriske testar, eller om ein må handtere desse Likert-dataa som ordinaldata med ulike avstandar mellom seg og difor bruke ikkje-parametriske testar (Endressen & Janda, 2016, s. 221). Bross (2019 a, s. 47) viser til undersøkingar som seier at det gir meining å rekne gjennomsnittet ut i frå Likert-skalaar som i utgangspunktet blir sett på som ordinaldata. Bross (2019 b, s. 3) informerer også om moglegheita til å bruke desse gjennomsnitta frå ordinaldata i ein blanda modell.

I denne akseptabilitetsvurderingsstudien brukar eg både parametriske og ikkje-parametriske testar der dataa er sett på som ordinal- og intervalldata. Av dei fem modellane som Endressen og Janda (2016, s. 219) nemner, brukar eg blanda modell og klassifikasjonstre når eg analyserer resultatata.

### 3.3 Analysemetode


I både akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiane dokumenterer eg mønster av korleis språkbrukarar oppfattar og handterer samsvarsbøying av partisipp, og eg brukar statistiske modellar til å sjå om det er signifikante avvik. Desse statistiske modellane brukar eg til å analysere resultatata frå akseptabilitetsvurderings- og korpusstudien. Det finst mange former for statistiske testar, og ein fellesnemnar for dei alle er at ein kan bruke dei til å trekke slutningar frå dataa. Dei statistiske testane eg brukar for å trekke slutningar om dataa er lineær modell, blanda modell og klassifikasjonstre. Den blanda modellen er ein parametrisk modell sjølv om han ikkje reknar med ein normalfordeling av responsvariabelen, så modellen kjem ikkje med parametriske gissingar om dataa (Endressen & Janda, 2016, s. 238-239). Endressen og Janda (2016, s.238-239) forklarar også at klassifikasjonstre er ein ikkje-parametrisk modell som passar for ikkje-intervalldata som til dømes ordinaldata. Heller ikkje denne modellen reknar med ein normalfordeling av responsvariabelen, slik at modellen heller ikkje her kjem med parametriske gissingar om dataa.

Alle dei tre statistiske modellane gir p-verdiar som gjer det mogleg å kartlegge viktige avvik. P-verdiane viser om det er ein signifikant variasjon mellom dataa. Det er vanleg å sette p-verdien til 0,05, slik at ein kan forkaste nullhypotesen (altså det motsette av det ein

eigentleg testar) dersom resultatane frå den statistiske modellen gir ein p-verdi som er mindre enn 0,05 (Bross, 2019 a, s. 51) . Viss resultatane frå den statistiske modellen ikkje gir signifikante p-verdiar, betyr det at ein ikkje har signifikante avvik og det då heller ikkje er nokon forskjell mellom kategoriene som ein testar. Dersom den statistiske modellen gir signifikante p-verdiar derimot, betyr det at ein har signifikante avvik og at det er ein forskjell mellom kategoriene som ein testar. Dei signifikante p-verdiane er ofte markerte med asterisk (\*\*\*, \*\* og \*).

### 3.3.1 Lineær- og blanda modell


For å forstå ein blanda modell må ein først forstå det grunnleggande med ein lineær modell. I ein lineær modell forklarar ein forholdet mellom to variablar (x og y) ved å bruke ei regresjonslinje. Føremålet med ei regresjonslinje er å føreseie verdien på ein variabel ved hjelp av ein annan variabel. Regresjonslinjer kjem i form av stigningstal og kryssingspunkt. Eit stigningstal er definert som endringa i y over endringa i x, eller med andre ord, kor mykje ein må stige på y-aksen for å kome eit steg vidare på x-aksen. Eit kryssingspunkt derimot blir forklart som punktet der linja startar på y-aksen. Når både stigningstal og kryssingspunkt er satt, får me ei linje. Winter (2019, s. 71-73) forklarar at både stigningstalet og kryssingspunktet er koeffisientane til regresjonsmodellen. Ein regresjonsmodell som dette tek likevel ikkje fullstendig omsyn til alle datapunkta, men trekker ei gjennomsnittslinje mellom alle datapunkta. I Figur 8 er eit døme på ein lineær modell der det er trekt ei gjennomsnittslinje med alle vurderingane til ti deltakarar i ei fiktiv spørjeundersøking.



Figur 8. Døme på lineær modell der det er trekt ei gjennomsnittslinje med alle deltakarskåra.



Ein blanda modell er som nemnd ein parametrisk test som passar godt å bruke på data som ein får frå Likert-skalaverdiar. Bross (2019 b, s. 3-4) hevdar at modellen kan brukast i staden for vanlege statistiske testar og han er mellom anna kjend for å vere særst fleksibel. Han forklarar vidare korleis ein blanda modell tillèt at kvar respondent kan variere i både skjeringpunkt og stigningstal, noko som gjer at ein får eit mykje meir nøyaktig bilete av svartrenden til kvar respondent. Ein slik modell tillèt også at forholdet mellom tilfeldig effekt på y-aksen og fast effekt på x-aksen varierer per deltakar. Winter (2019, s. 234-236) opplyser om at fast effekt betyr noko fast og systematisk som ikkje endrar seg og er variabelar som har ein føreseieleg påverknad på dataa. Døme på dette kan vere kjønn eller alder som har faste variabelar, eller dei grammatiske tilstandane (stilling, samsvar og grad) i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene. Tilfeldig effekt derimot handlar om data som ikkje har eit fast sett med nivå, men som i motsett til den faste effekten, har eit uendeleg sett med moglegheiter. Ein blanda modell tek omsyn til både den faste og den tilfeldige effekten i den statistiske rekninga slik at han inkluderer individuelle variasjonar i datasetta, dette gir større sjansar for at modellen trekker riktige slutningar ut frå dataa. I Figur 9 opptre dei same dataa som blei brukt i den lineære modellen i ein blanda modell, og no varierer deltakarane også i skjeringpunkt og stigningstal.



Figur 9. Døme på blanda modell der kvar deltakar varierer i skjeringpunkt og stigningstal.

Respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien er eit døme på tilfeldig effekt fordi dei alle har uavhengig påverknad på studien. Ein veit til dømes ikkje om alle respondentane har skjønt kva dei skal gjere, så ved å legge inn respondentane som ein tilfeldig effekt, tek den blanda modellen omsyn til denne individuelle variasjonen til deltakarane. Dei ulike setningane i studien er også eit anna døme på ein tilfeldig effekt fordi det finst uendeleg mange setningar med den tilstanden som blir testa, men i spørjeundersøkinga er berre ein liten del av desse setningane representerte (Bross, 2019 b, s. 4-5). I både setningane og deltakarane finst det ikkje eit fast sett med nivå fordi det er fleire språkbrukarar og fleire setningstypar enn det som er med i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene, dette gjer at dei kan bli sett på som tilfeldige effektar. Den blanda modellen klarer å ta med desse tilfeldige effektane i modellen sin (Bross, 2019 b, s. 5-7), og det er ein av grunnane til at eg brukar blanda modell som analysemetode, nettopp fordi modellen tillèt at deltakarane varierer i svara sine.

Eg brukar lmer (Bates et al., 2015) i R til å få ein lineær blanda modell og p-verdiane får eg frå lmerTest pakka i R (Kuznetsova et al., 2017). Den blanda modellen er ein effektiv måte å forklare variasjon i data og forskjellige målingsnivå på same tid. Den blanda modellen gjer at ein kan kombinere faste effektar som til dømes samsvar/ikkje-samsvar, sterkt/svakt verb og attributiv/predikativ stilling med tilfeldige effektar som til dømes deltakarar eller testsetningane i seg sjølv. Denne modellen tek også omsyn til variasjon i stigningstal og skjeringpunkt, og på den måten tillèt også modellen at deltakarane brukar skalaen ulikt.

Når eg ser på tekstskrivarane sin bruk av samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling i Nynorskorpuset, brukar eg også blanda modell som statistisk metode, og då med utgangspunkt i dei 57 mest frekvente bøyelege partisippa. Dette er kategoriske data og ikkje nummerdata slik ein får frå Likert-skalaen, det vil seie at kategoriske data blir sortert etter namn eller kategoriar i motsetning til nummerdata som blir sortert etter tal (Formpluss Blog, 2022). Sidan dataa frå Nynorskorpuset er kategoriske data, brukar eg difor glmer funksjonen frå lme4 (Bates et al., 2015) i R til å få ein generell blanda modell.

Det er ikkje nok data frå dei tilsvarande svake og sterke partisippa i attributiv stilling og dei sterke partisippa i predikativ stilling til å kunne lage ein blanda modell, difor har eg brukt ein lineær modell som statistisk metode for desse dataa. Av den grunn tek heller ikkje den lineære modellen omsyn til variasjon mellom tekstane eller tekstskrivarane.

### 3.3.2 Klassifikasjons- og regresjonstre

Endresen & Janda (2016, s. 239-241) forklarar korleis klassifikasjons- og regresjonstre kan sjåast på som skjema som forklarar fordelinga av dataa. Desse trea er ein algoritmebasert analysemetode som passar for ikkje-intervalldata, og metoden bygger modellar som deler opp dataa i ulike delar for å førespegle dataa. På den måten får ein då også oppdelte data som ikkje overlappar kvarandre. Vidare forklarar dei at desse oppdelte dataa minskar sjansen for feil og aukar «reinleiken» til dataa.

Klassifikasjonstre er ein statistisk ikkje-parametrisk modell som behandlar datasettet som kategoriske data (Endresen & Janda, 2016, s. 219), og Endresen og Janda (2016, s. 240 og s. 246) forklarar at sjølv om ein faktor er signifikant lokalt sett i klassifikasjonstreet, er ikkje nødvendigvis denne faktoren signifikant sett saman med alle faktorane frå heile datasettet. Klassifikasjonstreanalyser gjer det likevel mogleg å måle kor viktig eller relevant ein variabel er, og ein «Random forest» er ei samling av klassifikasjonstre som produserer ein skala av variabelrelevans. Denne skalaen gjer det mogleg å samanlikne styrken til alle dei testa tilstandane med kvarandre. I tillegg viser tala frå analysen til «Random forest» kor viktig kvar enkelt faktor i datasettet er.

## 4. Resultat frå akseptabilitetsvurderingsstudien


Det er til saman 160 respondentar som vurderer aksepten for samsvarsbøying, 18 stykk med bokmål som hovudmål og 139 stykk med nynorsk som hovudmål. I tillegg er det 3 stykk som har kryssa av for begge målformene. 103 kvinner og 57 menn har svart på spørjeundersøkinga, og kvar respondent har vurdert til saman 63 setningar der 32 av setningane er testsetningar og resten er fyllsetningar. Dessutan kjem også dei 5 øvesetningane i starten av undersøkinga. Eg har berre teke føre meg dei 139 respondentane med nynorsk hovudmål, dette gjer eg for å vere sikker på at respondentane er godt vande med å bruke nynorsk i dagleglivet. Av desse 139 respondentane har 107 vestnorsk dialekt, 17 har austnorsk dialekt, 9 har trøndersk dialekt og 2 har nordnorsk dialekt. Det er også 6 deltakarar som har kryssa av for ei anna dialekt eller ein kombinasjon av fleire av dialektene. Det er difor ein stor del av deltakarane i spørjeundersøkinga med vestnorsk dialekt. Aldersvariasjonen er meir balansert enn dialektvariasjonen med 19 respondentar i aldersgruppa 18-29 år, 55 i aldersgruppa 30-45 år, 38 i aldersgruppa 46-59 år og 26 i aldersgruppa 60+.

I spørjeundersøkinga har eg testa åtte ulike tilstandar innanfor samsvarsbøying av partisipp. Tabell 5 gir ei oversikt over tilstandane som blei testa med setningsdøme. Frasene som er grammatisk feil er markerte med ein asterisk og frasene som har valfri samsvarsbøying er markerte med dette i parentes.

Tabell 5. Oversikt over tilstandane med setningsdøme. I tillegg er det lagt til medianskår og standardavvik frå respondentane sine vurderingar.

	<b>Tilstand</b>	<b>Døme</b>	<b>Median</b>	<b>St. avvik</b>
A	Attributt, ikkje-samsvar, sterk	*«Ei lese bok»	2	1,96
B	Predikativ, ikkje-samsvar, sterk	*«Boka er lese»	3	2,07
C	Attributt, samsvar, sterk	«Ei lesen bok»	7	1,79
D	Attributt, ikkje-samsvar, svak	*«Ei bygt hytte»	5	2,13
E	Predikativ, samsvar, sterk	«Boka er lesen»	7	1,71
F	Predikativ, ikkje-samsvar, svak	«Hytta er bygt» (valfri)	5	2,22
G	Attributt, samsvar, svak	«Ei bygd hytte»	7	1,50
H	Predikativ, samsvar, svak	«Hytta er bygd» (valfri)	7	1,92

Boksplottet i Figur 10 viser respondentane si vurdering av dei ulike setningane. Ein kan allereie i dette boksplottet sjå at respondentane likar samsvarsbøygde partisipp, både sterke og svake, betre enn ikkje-samsvarsbøygde partisipp.



Figur 10. Boksplott som viser akseptabilitetsvurderingane til respondentane. Den tjukke vassrette linje representerer medianskåren og boksane over og under viser 25-75% kvartilen. Den loddrette linja som strekk seg frå boksen representerer utstikkarane, altså dei mest ekstreme observasjonane.

Når dette er sagt, må ein først køyre ein statistisk test på dataa før ein kan gå god for tala i Tabell 5 og Figur 10. Eg brukar klassifikasjonstre, lineær- og blanda modell til å dokumentere dataa frå desse akseptabilitetsvurderingane til respondentane.

#### 4.1 Lineær modell: faste effektar

Ein lineær modell tek berre utgangspunkt i dei faste effektane, og tar difor ikkje omsyn til den individuelle variasjonen til deltakarane og setningane. Eg brukar blanda modell som statistisk metode på dataa frå respondentane sine akseptabilitetsvurderingar, men det er likevel verdt å seie noko kort om den lineære modellen før ein ser på den blanda modellen.

Ved å berre først ta føre seg dei tre faste effektane, stilling (attributt/predikativ), samsvar(samsvar/ikkje-samsvar) og grad (svak/sterk), ser ein korleis dei ulike tilstandane er rangerte i forhold til kvarandre. Tabell 6, Tabell 7 og Tabell 8 viser korleis predikativ har eit høgre estimat enn attributt, samsvar har eit høgre estimat enn ikkje-samsvar og svake predikativ har eit høgre estimat enn sterke predikativ. Dette er då resultatane ein får når ein ser på forholdet mellom to variablar (z-skår og stilling/grad/samsvar) i ein lineær modell utan å ta omsyn til dei individuelle skilnadane.

Tabell 6. Lineær modell der ein testar forholdet mellom to faste variablar: z-skår og stilling.

	Estimate	Std. Error	Pr(> z )	
<b>Attributt</b>	-0,10413	0,02103	7,66e-07	***
<b>Predikativ</b>	0,11506	0,02975	0,000111	***

Tabell 7. Lineær modell der ein testar forholdet mellom to faste variablar: z-skår og samsvar.

	Estimate	Std. Error	Pr(> z )	
<b>Ikkje-samsvar</b>	-0,49179	0,01884	<2e-16	***
<b>Samsvar</b>	0,89037	0,02664	<2e-16	***

Tabell 8. Lineær modell der ein testar forholdet mellom to faste variablar: z-skår og grad.

	Estimate	Std. error	Pr(> z )	
<b>Sterk</b>	-0,21880	0,02075	<2e-16	***
<b>Svak</b>	0,34438	0,02935	<2e-16	***

Dei to kolonnane lengst til høgre syner p-verdiane til dei ulike tilstandane, og alle tilstandane har særst låge p-verdiar og blir difor også sett på som signifikante. Dette betyr at det er ein signifikant forskjell mellom tilstandane, og at respondentane behandlar tilstandane forskjellig. I desse lineære modellane er det likevel ikkje teke omsyn til dei individuelle variasjonane til respondentane.

#### 4.2 Blanda modell: faste og tilfeldige effektar

I ein blanda modell kombinerer ein dei faste effektane med dei tilfeldige effektane slik at ein også får inkludert respondentane sine individuelle variasjonar. Når ein inkluderer dei tilfeldige effektane saman med dei faste effektane, gjer ein blanda modell det mogleg for

respondentane å variere i stigningstal og skjeringspunkt. Ovanfor i Tabell 6, Tabell 7 og Tabell 8 er dei faste effektane grad, samsvar og stilling inkluderte i den lineære modellen. Dei tilfeldige effektane som blir lagde til i den blanda modellen er deltakar og setning, det gjer at modellen tillèt individuell variasjon per deltakar og per setning. Då tillèt ein at kvar enkelt respondent kan variere i korleis dei dømmar dei ulike setningane.

<b>Faste effektar</b>	<b>Tilfeldige effektar</b>
Samsvar: samsvar, ikkje-samsvar	Deltakarar: 139
Grad: sterk, svak	Setning: 32
Stilling: attributt, predikativ	

I Tabell 10 handterer ikkje den blanda modellen trevegsinteraksjonen mellom samsvar, grad og stilling like godt som ein skulle ønske, og mange av testtilstandane blir ikkje signifikante. Derimot viser det seg i Tabell 9 at å bruke blanda modell til å sjå på tovegsinteraksjonen mellom samsvar og grad gir signifikante verdiar. I Figur 12 syner viktigheitsvariabelskalaen til «Random forest» at samsvar og grad spelar størst rolle på dataa og at stilling påverkar dataa i særst liten grad. På bakgrunn av det «Random forest» i Figur 12 viser, kan ein difor bruke denne tovegsinteraksjonen mellom samsvar og grad (Tabell 9) som grunnlag for statistisk metode.

Tabell 9. Blanda modell med tovegsinteraksjon mellom samsvar og grad frå akseptabilitetsvurderingsstudien.

<b>Tilfeldige effektar</b>	<b>Variance</b>	<b>Std.Dev</b>		
Deltakar (Intercept)	0.1164	0.3412		
Setning (Intercept)	0.1284	0.3583		
Residual	0.5092	0.7136		

<b>Faste effektar</b>	<b>Estimate</b>	<b>Std. error</b>	<b>Pr(&gt; z )</b>	
ikkje-samsvar, sterk	-0.8134	0.1317	7.55e-07	***
samsvar, sterk	1.1893	0.1817	4.28e-07	***
ikkje-samsvar, svak	0.6433	0.1817	0.00142	**
samsvar, svak	-0.5978	0.2570	0.02745	*

Signif. codes: 0 '\*\*\*' 0.001 '\*\*' 0.01 '\*' 0.05 '.' 0.1 ' ' 1

Tovegsinteraksjonen mellom grad og samsvar i Tabell 9 gir signifikante p-verdiar (p-verdiar lågare enn 5% er markerte med \*, \*\*, \*\*\*), noko som tyder på at respondentane har

behandla dei ulike grammatisk tilstandane forskjellig. Den øvste raden i til dei faste effektane, «ikkje-samsvar, sterk», er skjæringspunkt («intercept») og betyr at dette er referansepunktet og radene under står i forhold til denne øvste rada. Når ein ser nærare på dei to ikkje-samsvarsbøygde formene «ikkje-samsvar, sterk» ( $E = -0,8134$  og  $p = 7,55e-07$ ) og «ikkje-samsvar, svak» ( $E = 0,6433$  og  $p = 0,00142$ ), betyr desse tala at respondentane vurderer ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp betre enn ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp. Dette er som forventa sidan det er valfritt om ein vil samsvarsbøye svake partisipp i predikative stillingar, og obligatorisk samsvarsbøying av dei tilsvarande sterke partisippa. Likevel, sidan denne tabellen er tufta på tala frå tovegsinteraksjonen mellom grad og samsvar, veit ein ikkje om respondentane skil mellom attributiv eller predikativ stilling.

Tabell 10 viser resultata frå den blanda modellen med trevegsinteraksjon mellom samsvar, grad og stilling. Modellen gir få signifikante p-verdiar, noko som også kan tolkast som at variasjonen mellom tilstandane er tilfeldige og at respondentane har behandla dei ikkje-signifikante tilstandane likt. Samtidig gir tovegsinteraksjonen mellom samsvar og grad (Tabell 9) signifikante p-verdiar, noko som kan vitne om at den blanda modellen ikkje handterer trevegsinteraksjonar der ein legg til «stilling» i like stor grad. I tillegg viser «Random forest» i Figur 12 korleis «stilling» har særst liten innverknad på dataa. På bakgrunn av dette brukar eg difor likevel den blanda modellen med trevegsinteraksjon mellom samsvar, grad og stilling (Tabell 10) til å analysere resultata frå akseptabilitetsvurderingane.

Tabell 10. Blanda modell med trevegsinteraksjon mellom samsvar, grad og stilling frå akseptabilitetsvurderingsstudien.

Tilfeldige effektar	Variance	Std.Dev
Deltakar (Intercept)	0.1164	0.3412
Setning (Intercept)	0.1371	0.3703
Residual	0.5092	0.7136

Faste effektar	Estimate	Std. error	Pr(> z )
Attributt, ikkje-samsvar, sterk	-0.97177	0.18983	2.69e-05 ***
Predikativ, ikkje-samsvar, sterk	1.31851	0.26532	4.49e-05 ***
Attributt, samsvar, sterk	0.69954	0.26532	0.0145 *
Attributt, ikkje-samsvar, svak	0.31667	0.26532	0.2443
Predikativ, samsvar, sterk	-0.56553	0.37522	0.1448



Predikativ, ikkje-samsvar, svak	-0.25844	0.37522	0.4976
Attributt, samsvar, svak	-0.11247	0.37522	0.7670
Predikativ, samsvar, svak	-0.06461	0.53064	0.9041
Signif. codes: 0 '***' 0.001 '**' 0.01 '*' 0.05 '.' 0.1 ' ' 1			


Tala i Tabell 10 syner at ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i predikativ stilling ( $E = 1,31851$ ,  $p=4,49e-0,5$ ) blir vurdert som betre enn ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i attributiv stilling ( $E= -0,97177$ ,  $p= 2,69e-05$ ), som er referansenivået. Boksploppet i Figur 10 viser også at respondentane føretrekker ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i predikativ stilling framfor dei tilsvarande i attributiv stilling. Tabell 10 syner vidare korleis den samsvarsbøygde varianten ( $E= -0,06461$ ,  $p=0,9041$ ) av den valfrie samsvarsbøyinga av svake partisipp i predikativ stilling har eit lågare estimat enn den ikkje-samsvarsbøygde varianten ( $E= -0,25844$ ,  $p= 0,4976$ ) og blir difor vurdert som mest akseptabel av dei to formene. Dette stemmer også godt med respondentvurderingane i boksploppet i Figur 10.

Resultata frå den blanda modellen fekk eg frå R versjon 4.1.1 (R Core Team, 2021) og lme4 pakka (Bates et. al., 2015), og modellen ser på samspelet mellom samsvar, stilling og grad i partisippbøyinga. Den faste effekten i modellen er dei åtte ulike tilstandane i Tabell 5. Dei blanda effektane i modellen er deltakar og setning som tilfeldig skjeringspunkt og samsvar, grad og stilling som tilfeldig stigningstal. P-verdiane fekk eg ved å bruke lmerTest pakka i R (Kuznetsova et. al., 2017). Heile modellen kan skrivast slik:  $Z\_Score \sim Stilling * Samsvar * Grad + (1 | Deltakar) + (Stilling * Samsvar * Grad | Setning)$ . I Tabell 10 er tre av dei åtte tilstandane statistisk signifikante med ein p-verdi som er 0,05 eller lågare, medan resten ikkje er signifikante og har høge p-verdiar. Viss ein fjernar stilling, og heller berre ser på tovegsinteraksjonen mellom grad og samsvar, syner Tabell 9 at alle tilstandane blir statistisk signifikante. På bakgrunn av denne modellen kan ein då gå ut i frå at respondentane har behandla tilstandane ulikt. Dette betyr at denne blanda modellen ikkje handterer trevegsinteraksjon like bra som tovegsinteraksjon.

### 4.3 Klassifikasjonstre

Tala frå akseptabilitetsvurderingane kan ein bruke i eit klassifikasjonstre og kvar enkelt tilstand kan difor studerast nærmare. Denne statistiske metoden deler opp datasettet slik at

ein får data som ikkje overlappar kvarandre (Endresen & Janda, 2016, s. 239). Treet visualiserer datafordelinga og viktigheita av dataa slik at ein enkelt kan sjå kva for tilstand som har påverka setningsdømminga til respondentane mest. Øvst i treet i Figur 11 blir treet delt opp i samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde former, dette er då den tilstanden som klassifikasjonstreet peiker ut som den som påverkar dataa mest. Deretter vert treet delt opp i grad og stilling. Stilling er det som klassifikasjonstreet peikar ut som den tilstanden som har minst påverknad på dataa.




Figur 11. Klassifikasjonstre med data frå akseptabilitetsvurderingsstudien.

Klassifikasjonstreet klarer å fange opp lokale signifikante faktorar som den blanda modellen går glipp av, og Endresen & Janda (2016, s.240) peikar nett på korleis faktorar som er signifikante i klassifikasjonstreet ikkje nødvendigvis er signifikante når dei blir satt saman med faktorar frå heile datasettet slik som skjer i ein blanda modell. Til samanlikning frå den blanda modellen med trevegsinteraksjonen viser klassifikasjonstreet berre statistisk signifikante tilstandar med låge p-verdiar. Dette betyr at ein ut i frå denne statistiske modellen, kan handtere dataa frå akseptabilitetsvurderingane som statistisk signifikante.

Variabelimportansen i «Random forest» i R (Liaw & Wiener, 2002) gir ei framstilling av kva tilstand som har hatt størst påverknad på dataa. Figur 12 syner at samsvarsbøyinga har størst

innverknad på dataa. Figuren viser deretter at grad også spelar ei viss rolle på respondentane sine vurderingar, medan stilling påverkar dataa i mykje mindre grad.



Figur 12. «Random forest- modell» av resultatane frå akseptabilitetsvurderingane. Figuren viser kva variabel som har størst påverknad på dataa.


Der under halvparten av tilstandane blei signifikante i trevegsinteraksjonen i den blanda modellen, er alle tilstandane i tovegsinteraksjonen i den blanda modellen signifikante. Klassifikasjonstreet som ser på dataa kvar for seg, viser også berre signifikante tilstandar. Tovegsinteraksjonen i den blanda modellen (Tabell 9) og klassifikasjonstreet (Figur 11) klarer med andre ord betre å fange opp lokale signifikante faktorar enn det trevegsinteraksjonen i den blanda modellen gjer.

#### 4.4 Generelle observasjonar frå respondentane sine akseptabilitetsvurderingar

Ein kan bruke resultatane frå tovegsinteraksjonen i den blanda modellen og klassifikasjons- og regresjonstremodellen til å handtere medianen og standardavviket frå spørjeundersøkinga som gyldige og statistisk signifikante. Eg brukar ggplot2 (Wickham, 2016) i R til å lage visualiseringar av resultatane frå spørjeundersøkinga.

I boksplottet i Figur 13 har respondentane sine vurderingar av dei samsvarsbøygde formene alle ein median på 7. Boksen til dei samsvarsbøygde formene er nokså liten, noko som betyr at desse dataa er ganske samla rundt medianen og har lite variasjon. Tilstand C, E, G og H i

Tabell 11 er døme på desse samsvarsbøygde formene, og desse formene har relativt låge standardavvik, noko som kan vitne om at respondentane er ganske einige i at alle dei samsvarsbøygde partisippa er akseptable og vanlege for dei.



Figur 13. Boksplott som viser akseptabilitetsvurderinga til respondentane. Den tjukke vassrette linja representerer medianskåren og boksane over og under viser 25-75% kvartilen. Den loddrette linja som strekk seg frå boksen representerer utstikkarane, altså dei mest ekstreme observasjonane.


Tabell 11. Testtilstandane med setningsdøme, median og standardavvik.

	<b>Tilstand</b>	<b>Døme</b>	<b>Median</b>	<b>St. avvik</b>
A	Attributt, ikkje-samsvar, sterk	*«Ei lese bok»	2	1,96
B	Predikativ, ikkje-samsvar, sterk	*«Boka er lese»	3	2,07
C	Attributt, samsvar, sterk	«Ei lesen bok»	7	1,79
D	Attributt, ikkje-samsvar, svak	*«Ei bygt hytte»	5	2,13
E	Predikativ, samsvar, sterk	«Boka er lesen»	7	1,71
F	Predikativ, ikkje-samsvar, svak	«Hytta er bygt» (valfri)	5	2,22
G	Attributt, samsvar, svak	«Ei bygd hytte»	7	1,50
H	Predikativ, samsvar, svak	«Hytta er bygd» (valfri)	7	1,92

Dei ikkje-samsvarbøygde formene derimot har større boksar rundt medianen i Figur 13 og større standardavvik i Tabell 11. Det er altså ein større variasjon i desse dataa, noko som betyr at respondentane ikkje er like einige med kvarandre i desse vurderingane. Tre av dei fire ikkje-samsvarbøygde partisippa er grammatisk ukorrekte, så det kjem ikkje som ei stor overrasking at respondentane vurderer desse tilstandane dårlegare enn dei samsvarbøygde tilstandane. Desse resultatane viser at respondentane vurderer alle dei samsvarbøygde formene som akseptable, medan dei ikkje-samsvarbøygde formene derimot har ein større variasjon som kan tolkast som ei usemje mellom respondentane.

#### 4.4.1 Samsvarbøying av svake partisipp


##### Valfrie samsvarbøying av svake partisipp i predikativ stilling



Figur 14. Respondentane sine akseptabilitetsvurderingar av valfrie samsvarbøying av svake partisipp i predikativ stilling.

I Figur 14 er dei samsvarbøygde svake partisippa i predikativ stilling vurderte som meir akseptable enn dei ikkje-samsvarbøygde formene. Dei samsvarbøygde formene har også lite dataspreiing i motsetning til dei ikkje-samsvarbøygde formene som har eit større sprik i dataa. Den samla respondentgruppa frå akseptabilitetsvurderingsstudien vurderer denne valfrie samsvarbøygde forma som meir akseptabel enn den valfrie ikkje-samsvarbøygde forma.

Tabell 11 viser at respondentane vurderer den grammatisk korrekte tilstanden F: «Hytta er bygt» med ein median på 5, og like høgt som den grammatisk ukorrekte tilstanden D: «\*Ei bygt hytte». Skilnaden mellom desse to svake partisippa er stillinga, tilstand F er i predikativ stilling og tilstand D er i attributiv stilling. Svake partisipp i predikativ stilling har valfri samsvarsbøying, medan det er obligatorisk samsvarsbøying i attributiv stilling. Likevel ser det ut til at respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien ikkje alltid respekterer denne obligatoriske samsvarsbøyinga til svake partisipp i attributiv stilling.




Figur 15. Respondentane sine akseptabilitetsvurderingar av samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling.

Figur 15 syner respondentane si oppfatning av samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling. Dei vurderer den grammatisk korrekte samsvarsbøygde forma som meir akseptabel enn den grammatisk ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde forma, samtidig blir likevel ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde former som «\*Ei bygt hytte» vurderte med ein medianskår på 5. Desse vurderingane av svake ikkje-samsvarsbøygde partisipp i attributiv stilling varierer også og har store standardavvik, noko som vitar om usemje hos respondentane.


#### 4.4.2 Skilnader mellom alder

Sandstedt (2022) og Velle (2016) har vist i undersøkingane sine korleis dei yngre sunnmørske dialektbrukarane har mindre samsvarsbøying enn dei eldre. Respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien derimot aksepterer ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp nokså likt uansett aldersgruppe (Figur 16) , og det same gjeld for dei samsvarsbøygde svake partisippa i Figur 17. Resultata frå akseptabilitetsvurderingsstudien viser difor ikkje nokon

tendens til at dei yngre vestnorske dialektbrukarane godtek ikkje-samsvarsbøygde partisipp i større grad enn dei eldre dialektbrukarane. Dette er ikkje i samsvar med det Sandstedt (2022) og Velle (2016) rapporterer om frå dialektstudiane sine.



Figur 16. Dei vestnorske respondentane sine vurderingar av ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling.




Figur 17. Dei vestnorske respondentane sine vurderingar av samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling.

Resultata frå akseptabilitetsvurderingsstudien viser tendensar til ein ubalanse mellom talemål og språkoppfatning hos dei yngre vestnorske dialektbrukarane. Sidan fleire yngre vestnorske dialektbrukarar ikkje brukar samsvarsbøying, er det difor rimeleg å tru at dei yngre vestnorske respondentane vil akseptere den valfrie ikkje-samsvarsbøygde varianten i større grad enn den valfrie samsvarsbøygde varianten, men dette er ikkje tilfellet. Likevel må eg understreke at eg ser på vestnorsk som regional dialekt, og sunnmørsk er ein variant av

vestnorsk. Viss eg hadde gjort akseptabilitetsvurderingsstudiar og berre sett spesifikt på sunnmørske respondentsvar, kunne det hende at resultata hadde vore annleis og kanskje det hadde vore ein tydelegare skilnad mellom dei ulike aldersgruppene.

#### 4.4.3 Samsvarsbøying av sterke partisipp

##### Samsvarsbøying av sterke partisipp i predikativ og attributiv stilling



Figur 18. Respondentane sine vurderingar av sterke partisipp i predikativ og attributiv stilling.

Alle dei sterke partisippa skal etter regelen samsvarsbøyast, så difor er det også forventa at dei ikkje-samsvarsbøygde formene til sterke partisipp blir vurderte lågt av respondentane. Døme på slike ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp ser ein i Tabell 11 i tilstand A «\*Ei lese bok» og tilstand B «\*Boka er lese». Tilstand A er vurdert til ein median på 2 og tilstand B er vurdert til ein median på 3. Boksplottet i Figur 18 viser likevel korleis dei ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa i predikativ og attributiv stilling har veldig spreidde data. Dette viser også Tabell 11 der standardavviket til tilstand B er på 2,07 og tilstand A har eit



standardavvik på 1,96. Denne store datavariasjonen vitnar om at respondentane er ueinige når det kjem til ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp og kan tolkast som at det rår ein tvil hos respondentane om det er akseptabelt å skrive ikkje-samsvarsbøygde former som «\*Boka er lese» og «\*Ei lese bok» eller ikkje.

Dei to kolonnane til venstre i Figur 18 viser at respondentane oppfattar og handterer ikkje-samsvarsbøyging av sterke partisipp ulikt i predikativ og attributiv stilling. Dei ikkje-samsvarsbøygde partisippa i predikativ stilling (andre kolonne i Figur 18) blir vurderte noko høgre enn den tilsvarande varianten i attributiv stilling (første kolonne i Figur 18).


Respondentane vurderer altså ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i predikativ stilling («\*Boka er lese») som meir akseptable enn dei tilsvarande partisippa i attributiv stilling («\*Ei lese bok»).

#### 4.5 Dialektale skilnader

Dialektene praktiserer samsvarsbøyging av partisipp ulikt, og i Figur 19 ser eg nærare på dialektvariasjonen mellom dei vestnorske, trønderske og austnorske respondentane. Figuren syner at dialektene varierer i kva dei aksepterer av samsvarsbøyging og ikkje.

Ein fellesnemnar er likevel at alle dialektene vurderer dei samsvarsbøygde formene høgt og med lite spreing av dataa. Alle respondentane frå dei tre dialektområda er difor ganske einige i at svake og sterke samsvarsbøygde partisipp i attributiv og predikativ stilling er vanlege og akseptable formar for dei. Når det gjeld oppfatninga av ikkje-samsvarsbøygde partisipp, er det ei ganske stor dataspreing i desse dataa, og ei slik dataspreing kan vitne om usemje hos respondentane.

## Aksept for samsvarsbøying i dei ulike dialektene



Figur 19. Akseptabilitetsvurderingane til dei ulike dialektgruppene i studien.

### 4.5.1 «Hytta er bygt» eller «Hytta er bygd»: samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling


Sidan det er valfri samsvarsbøying for svake partisipp i predikativ stilling på nynorsk, er det interessant å sjå nærare på korleis dei ulike dialektene handterer denne valfridommen. Dei austnorske respondentane (17 stk.) vurderer den ikkje-samsvarsbøygde varianten «Hytta er bygt» (venstre kolonne i Figur 20) med ein median på 6, men med ganske spreidde data. Den samsvarsbøygde varianten «Hytta er bygd» derimot vurderer dei til ein median på 7 (høgre kolonne i Figur 20). Dataa her er mindre spreidde enn den ikkje-samsvarsbøygde varianten, og det ser ut til at dei austnorske respondentane aksepterer samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling i noko meir enn dei ikkje-samsvarsbøygde tilsvarande formene.

I midtarste rad i venstre kolonne i Figur 20 varierer trønderane (9 stk.) i likskap med dei austnorske respondentane også i vurderingane sine. Dei trønderske respondentane vurderer denne ikkje-samsvarsbøygde varianten med ein median på 5, men med ganske spreidde data. Desse tala er ganske like som det dei austnorske respondentane også rapporterer om, og felles for begge dialektene er den store spreinga av dataa til den valfrie ikkje-samsvarsbøygde varianten.

Trønderane vurderer den samsvarsbøygde varianten til ein median på 6, og med ei mykje mindre spreiking av dataa enn det den ikkje-samsvarsbøygde varianten har. Sandøy (1988, s. 105-108) forklarar korleis dei trønderske dialektene ikkje har samsvarsbøying i dialekta si, men resultatane frå denne akseptabilitetsvurderingsstudien viser at trønderane likevel vurderer den samsvarsbøygde varianten som meir vanleg enn den ikkje-samsvarsbøygde varianten. Sjølv der ein altså kan velje å ikkje samsvarsbøye partisippet, vurderer trønderane likevel den forma som ligg lengst unna talemålet som meir akseptabel enn den varianten som ligg nærast talemålet.

Dei vestnorske respondentane (107 stk.) vurderer setningane nokså likt som det dei austnorske og trønderske respondentane gjer. I nedste rad i Figur 20 gir dei vestnorske respondentane setningar med ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp («Hyttå er bygt») ein medianskår på 6 og den tilsvarande samsvarsbøygde varianten får ein medianskår på 7 («Hyttå er bygd»). Også hos dei vestnorske respondentane er det større spreingar i dataa når det kjem til den valfrie ikkje-samsvarsbøygde forma, og ei meir samla einigheit når det kjem til den samsvarsbøygde varianten.

## Samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling




Figur 20. Dei ulike dialektene sin aksept for samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling.

Denne store spreinga av dataa til dei ikkje-samsvarsbøygde formene i Figur 20 er lik hos alle dialektene. Dette kan tyde på at respondentane frå alle dei tre dialektområda er usikre eller ueinige i kva dei aksepterer av ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling. Når det kjem til den samsvarsbøygde varianten derimot, viser alle dialektgruppene ei større semje om aksept, til og med hos dei trønderske respondentane som ikkje har samsvarsbøying i dialekta si.

### 4.5.2 «\*Boka er lese» eller «Boka er lesen»: samsvarsbøying av sterke partisipp i predikativ stilling

Alle dei tre dialektene vurderer dei samsvarsbøygde sterke partisippa i predikativ stilling som veldig akseptable (Figur 21), og dei ikkje-samsvarsbøygde formene har eit større sprik i vurderingane. Mellom anna vurderer dei austnorske og vestnorske respondentane dei ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa med ein median på 2 og 3, men med nokså store dataspråk

i vurderingane sine. Trønderane derimot skil seg ut frå dei austnorske og vestnorske respondentane på dette punktet, dei vurderer desse sterke ikkje-samsvarsbøygde partisipp høgt med ein medianskår på 5 og med nokså samla data rundt medianlinja (venstre kolonne i Figur 21). Den grammatiske regelen seier at dei sterke partisipp skal samsvarsbøyast, men det ser ut til at trønderane ikkje nødvendigvis følger denne regelen. Dei vurderer då former som «\*Boka er lese» som meir akseptable enn det dei vestnorske og austnorske respondentane gjer.




Figur 21. Dei ulike dialektene sin aksept for samsvarsbøying av sterke partisipp i predikativ stilling.

#### 4.5.3 «\*Ei bygt hytte» eller «Ei bygd hytte»: samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling

Respondentane frå alle dei tre dialektområda vurderer samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling høgt og med lite spreining i dataa. Dette kan bety at alle dei tre dialektområda er ganske einige i at desse samsvarsbøygde formene i attributiv stilling er veldig akseptable. I venstre kolonne i Figur 22 derimot, er det eit større sprik i

respondentvurderingane. Det er grammatisk ukorrekt å ikkje samsvarsbøye svake partisipp i attributiv stilling. Likevel vurderer dei vestnorske og trønderske respondentane ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling med ein median på 5, medan dei austnorske respondentane vurderer den tilsvarande forma med ein median på 3. Alle dei tre dialektene har også her store variasjonar i vurderingane, noko som igjen vitnar om usemje.




Figur 22. Dei ulike dialektene sin aksept for samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling.

Me veit at dei trønderske og nokre av dei vestnorske dialektene ikkje brukar samsvarsbøying korkje i svake eller sterke partisipp i predikativ stilling (Sandøy, 1989; Sandstedt, 2022), og kanskje er det dette som også speglar seg i desse respondentvurderingane. Dei austnorske dialektbrukarane har også nokså stor spreiding i vurderingane sine, og det ser ut til at ingen av dialektene er einige i kva som er akseptabelt og ikkje når det kjem til dei ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa i attributiv stilling.

#### 4.5.4 «\*Ei lese bok» eller «Ei lesen bok»: samsvarsbøying av sterke partisipp i attributiv stilling

Høgre kolonne i Figur 23 viser igjen korleis respondentane frå alle dialektområda aksepterer dei samsvarsbøygde formene. I venstre kolonne derimot er det ein større variasjon i kva respondentane aksepterer av ikkje-samsvarsbøygde former. Former som «\*Ei lese bok» der ein ikkje samsvarsbøyer sterke partisipp i attributiv stilling blir vurdert lågt av både dei austnorske og vestnorske respondentane. Desse vurderingane er også ganske samla rundt medianlinja og varierer lite i dataa.



Figur 23. Dei ulike dialektene sin aksept for samsvarsbøying av sterke partisipp i attributiv stilling.

Dei trønderske respondentane skil seg ut frå dei andre dialektgruppene i desse vurderingane, og i venstre kolonne i Figur 23 varierer trønderane meir i vurderingane sine enn det dei andre dialektgruppene gjer. Denne dataspreiinga kan kanskje også henge saman med den manglande samsvarsbøyinga i trønderske dialekter noko som kan skape usemje i om dei aksepterer former som «\*Ei lese bok» eller ikkje.

#### 4.5.5 Samanfating av dei dialektale skilnadane til respondentane

Ein kan samanfatte denne delen med at respondentane frå dei tre dialektområda stort sett er samde i at det er akseptabelt og vanleg for dei å samsvarsbøye sterke og svake partisipp i predikativ og attributiv stilling. Respondentane frå alle dialektområda vurderer dei samsvarsbøygde formene med ein median på enten 6 eller 7 og med data som er ganske samla rundt medianlinja (Figur 19). Når det kjem til den valfrie samsvarsbøyinga av svake partisipp i predikativ stilling, føretrekker respondentane frå alle dei tre dialektområda den samsvarsbøygde forma «Hytta er bygd» framfor den andre valfrie ikkje-samsvarsbøygde forma «Hytta er bygt».

Dialektgruppene varierer mest i dataa til dei ikkje-samsvarsbøygde formene. Dette er heller ikkje så overraskande sidan tre av dei fire ikkje-samsvarsbøygde formene er grammatisk ukorrekte. Likevel er det ganske store skilnader mellom dialektgruppene når det kjem til grad (sterke/svake partisipp) og stilling (attributiv/predikativ stilling). Ei forklaring på dette kan vere at trøndersk og fleire vestnorske dialekter ikkje har samsvarsbøying, og dette kan kanskje vere ei av årsakene til at både dei vestnorske og dei trønderske respondentane i Figur 21 og Figur 22 gir grammatisk ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde former som «\*Ei bygt hytte» og «\*Boka er lese» høgare skår enn det dei austnorske respondentane gjer.




## 5. Resultat frå korpusstudiane

I korpusstudiane ser eg nærare på korleis tekstskrivarane handterer samsvarbøygde former. Resultata er visualiserte i figurar som eg har laga i R ved hjelp av ggplot2 (Wickham, 2016). Eg brukar lineær- og blanda modell i tillegg til klassifikasjonstre som statistisk modell for å analysere resultata.

### 5.1 Predikativ stilling

#### 5.1.1 Svake partisipp


Figur 24 viser ein ganske lik fordeling mellom samsvar og ikkje-samsvar i hokjønn og hankjønn. Regelen tillèt som nemnd valfri samsvarbøying av desse partisippa, og i dette utvalet frå tekstkorpuset ser ein døme på korleis tekstskrivarane praktiserer denne regelen. Ein kan difor hevde at i dette utvalet frå Nynorskkorpuset er tendensen at tekstskrivarane brukar både samsvars- og ikkje-samsvarbøygde former av svake partisipp i predikativ stilling like mykje.



Figur 24. Fordeling av samsvars- og ikkje-samsvarbøygde svake partisipp etter substantivkjønn.

Figur 25 syner ein generell nedgang av samsvarbøygde svake partisipp i predikativ stilling dei siste førti åra. Denne figuren viser alle førekomstane av samsvarbøying av bøyelege svake partisipp i predikativ stilling i korpuset. Figur 25 viser også korleis prosenten av

samsvarsbøying har minka frå 1980- til 2010-talet. I tillegg er dataa nokså spreidde i tekstane frå 1980- og 1990-talet, mens når det kjem til tekstane frå 2000 og 2010-talet er dataa mykje meir samla. Dette kan ha noko å gjere med at ein har mindre data frå 2010-talet enn frå dei andre tiåra, men likevel kan ein sjå korleis kvart datapunkt er fordelt rundt eit lågare gjennomsnitt på 2000- og 2010 talet enn det dataa frå 1980-, og 1990-talet er. Ut i frå det figuren viser, kan ein hevde at samsvarsbøyinga i dette tekstutvalet har minka dei siste førti åra.



Figur 25. Prosentvis samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling gjennom dei siste førti åra.

#### 5.1.1.1 Statistisk metode svake partisipp

Eg har køyrd ein generalisert blanda modell med binær kjønn-samsvar (samsvar og ikkje-samsvar) som responsvariabel. I modellen har eg inkludert ein interaksjon mellom sjanger (avis, saklitteratur, skjønnlitteratur, tidsskrift) og substantivkjønn (hankjønn eller hokjønn) som fast effekt og tiår (decade) som tilfeldig skjeringspunkt. Modellen baserer seg på 4550 datapunkt av svake bøyelege partisipp, 96 datapunkt for skjønnlitteratur, 1164 datapunkt for saklitteratur, 49 datapunkt for tidsskrift og 3241 datapunkt for avis. Tabell 12 gir ei oversikt med estimata av log oddsen av kjønn-samsvar frå modellen.

Faste effektar	Tilfeldige effektar
Sjanger: avis, saklitteratur, skjønnlitteratur, tidsskrift	Decade: 4
Kjønn: hankjønn, hokjønn	

Tabell 12: Oppsummering av resultatet til Generalisert lineær blanda effektmodell av samsvarbøying etter kjønn i ulike sjangrar frå korpusdata: svake partisipp i predikativ stilling. Dei faste effektane blir viste i alfabetisk rekkefølge slik at Kjønn f (hokjønn) og avis er først representert i tabellen.

Tilfeldige effektar	Variance	Std.dev
decade (Intercept)	0.1924	0.4386
Number of obs: 4550		
Decade: 4		


Faste effektar	Estimate	std. Error	z value	Pr(> z )	
Avis (Intercept)	-0.55290	0.24172	-2.287	0.022173	*
saklitteratur	1.33324	0.12206	10.923	< 2e-16	***
skjønnlitteratur	2.18205	0.50045	4.360	1.3e-05	***
tidsskrift	0.69829	0.50696	1.377	0.168384	
kjønnm	0.30259	0.07985	3.789	0.000151	***
saklitteratur:kjønnm	-0.08543	0.15343	-0.557	0.577657	
skjønnlitteratur:kjønnm	-0.86918	0.57614	-1.509	0.131391	
tidsskrift:kjønnm	-0.29064	0.62145	-0.468	0.640009	

Signif.codes: 0 '\*\*\*', 0.001 '\*\*', 0.01 '\*', 0.05 '.', 0.1 ' ', 1

Den blanda modellen ser på samspelet mellom sjanger og kjønn i samsvarbøyinga av svake partisipp i predikativ stilling. Dei faste effektane har «Avis (Intercept)» som skjeringspunkt, og dette har eit negativt estimat på -0,55290 av samsvarbøying til hokjønnsord av svake partisipp i predikativ stilling. Modellen viser også ein signifikant hovudeffekt av hankjønn i «Kjønnm» på 0,30259 som indikerer at hankjønnsord har høgare log odds av kjønn samsvar og difor litt fleire samsvarbøygde former enn hokjønnsorda i aviser. Saklitteratur (E= 1.33324, z (1164) =10.923, p < 0,005), skjønnlitteratur ( E=2.18205, z(96)= 4.360, p= <0,005) og tidsskrift (E=0.69829, z (49)= 1.377, p= >0,05) har alle høgare samsvarsestimat i hokjønn enn det hokjønnsorda i avissjangeren gjer.

Den blanda modellen viser mellom anna at det er ein signifikant interaksjon mellom ho- og hankjønnsorda i avissjangeren, det betyr at ifølge modellen kan denne forskjellen reknast


som ein bevisst og kontrollert variasjon. Det vil seie at tekstskrivarane har behandla samsvarsbøyinga av hankjønnsorda i avissjangeren noko annleis enn samsvarsbøyinga av hokjønnsorda i avissjangeren. Ein kan då rekne med å finne nokre fleire tilfelle der det svake partisippet i predikativ stilling er samsvarsbøygde etter hankjønnsordet enn det ein kan finne av tilsvarande samsvarsbøygde hokjønnsord. Denne trenden gjeld ikkje for alle sjangrane og dei ikkje-signifikante effektane kan reknast som det som er innafor tilfeldig variasjon.



Figur 26. Spådd sannsyn av den blanda modellen for svake partisipp i predikativ stilling.

Ein kan bruke post-hoc test frå biblioteket emmeans i R (Lenth, 2022) til å tolke og undersøke grafane for å sjå nærare på kva par i interaksjonen som er årsaka til effekten. Figur 26 viser det spådde sannsynet av kjønn-samsvar i ulike kombinasjonar av kjønn og sjanger i modellen. Avis og saklitteratur har flest datapunkt, og i denne figuren har desse tekstsjangrane ein liten overvekt av samsvarsbøygde hankjønn. I tillegg viser også figuren korleis avissjangeren har færre samsvarsbøygde former enn dei andre sjangrane.


Klassifikasjonstreet i Figur 27 med dei oppdelte dataa, syner også at det er ein variasjon i samsvarsbøyinga i dei ulike tekstsjangrane og i dei ulike tiåra. Saklitteratur, skjønnlitteratur og tidsskrift har fleire samsvarsbøygde former på 1980-, 1990- og 2000-talet enn det avissjangeren har. Figuren viser noko av den same trenden som ein ser i Figur 25 og Figur 26 nemleg at avissjangeren har flest ikkje-samsvarsbøygde former og saklitteratursjangeren har flest samsvarsbøygde former.



Figur 27. Klassifikasjonstre med data frå Nynorskorpuset som viser samsvarsbøying til dei svake partisippa i predikativ stilling.

### 5.1.2 Sterke partisipp

Figur 28 syner at dei sterke partisippa frå Nynorskorpuset nesten alltid blir samsvarsbøygde etter hokjønns- og hankjønnsst substantiva. Ein ser nokre få tilfelle der ein ikkje samsvarsbøyer dei sterke partisippa, men dette er så få tilfelle at ein heller kan rekne det som vanleg skrivefeil enn ein typisk trend.



Figur 28. Fordeling av samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i predikativ stilling.

#### 5.1.2.1 Statistisk metode sterke partisipp

På same måte som med dei svake partisippa har eg køyrd ein tilsvarande blanda modell med binær kjønn-samsvar (samsvar og ikkje-samsvar) som responsvariabel for dei sterke partisippa i predikativ stilling. I modellen har eg inkludert dei same interaksjonane som i modellen for dei svake partisippa, nemleg interaksjon mellom sjanger og substantivkjønn som fast effekt og tiår som tilfeldig skjeringspunkt. Tabell 13 gir ei oversikt med estimata av logg oddsen til kjønn-samsvar frå den blanda modellen. Modellen baserer seg på 3126 datapunkt der 184 datapunkt kjem frå skjønnlitteratur, 72 datapunkt kjem frå tidsskrift, 974 datapunkt kjem frå saklitteratur og 1896 datapunkt kjem frå avissjangeren.


Tabell 13. Blanda modell frå korpusdataa med sterke partisipp i predikativ stilling. Dei faste effektane blir viste i alfabetisk rekkefølge slik at Avis og Kjønnf (hokjønn) er først representert i tabellen.

Tilfeldig effekt	Variance	Std.Dev.			
decade (Intercept)	0.08051	0.2838			
Number of obs: 3126					
Decade: 4					
Fast effekt:	Estimate	Std. Error	z value	Pr(> z )	
Avis (Intercept)	2.46931	0.23017	10.728	<2e-16	***
Saklitteratur	0.06873	0.23524	0.292	0.770	

Skjønnlitteratur	0.90659	0.73509	1.233	0.217
Tidsskrift	0.06982	0.64390	0.108	0.914
Kjønnm	-0.13598	0.17872	-0.761	0.447
Saklitteratur: kjønnm	-0.03629	0.29119	-0.125	0.901
Skjønnlitteratur: kjønnm	0.56030	0.93982	0.596	0.551
Tidsskrift: kjønnm	1.48762	1.18902	1.251	0.211

Signif.codes: 0 '\*\*\*', 0.001 '\*\*', 0.01 '\*', 0.05 '.', 0.1 '', 1

Den første rada «Avis (Intercept)» viser estimatet på 2,46931 på samsvarsbøygde sterke partisipp til hokjønnsord i avistekstar. Den femte rada «kjønnm» gir det tilsvarende estimatet på -0,13598 til hankjønnsorda. Det kan tolkast som at hankjønnsorda har litt færre samsvarsbøygde former enn hokjønnsorda. Modellen har ikkje ein signifikant variasjon mellom hokjønns- og hankjønnsorda, det vil seie at modellen meiner denne forskjellen mellom hokjønns- og hankjønnsord kan reknast som ein tilfeldig variasjon. Desse ikkje-signifikante tala kan også i dette tilfellet tolkast som at bruken av samsvarsbøying er veldig systematisk på tvers av kjønn og sjanger for dei sterke partisippa. Modellen viser også at samsvarsbøyinga av sterke partisipp til ho- og hankjønnsorda blir handtert likt av tekstskrivarane. I Figur 29 er ei visualisering av dei spådde verdiane til modellen, her har tekstsjangrane og substantivkjønna ei ganske systematisk samsvarsbøying på tvers av sjanger og kjønn.



Figur 29. Spådd sannsyn av den lineære modellen for sterke partisipp i predikativ stilling.


## 5.2 Attributiv stilling

### 5.2.1 Svake partisipp

Figurane og dei statistiske modellane til dei svake partisippa i attributiv stilling baserer seg på 294 datapunkt der 6 av dei kjem inn under tidsskriftsjangeren, 74 under saklitteratursjangeren, 29 høyrer til skjønnlitteratursjangeren og 185 kjem frå avissjangeren. Figur 30 viser fordelinga mellom samsvars- og ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling. Figuren syner at ein stor del av tekstane frå Nynorskorpuset har samsvarsbøygde former og tekstskrivarane respekterer difor også regelen om obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling. Figuren viser også korleis meir enn 75% av dei svake partisippa har samsvarsbøying til hokjønns- eller hankjønnsstavn. Nokre døme på svake partisipp som ikkje blir samsvarsbøygde i dette utvalet er: «\*Ei planlagt overtaking», «\*Ei øydelagt bok», «\*Ei stengt dodør». Samtidig, sjølv om denne delen av ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp til han- og hokjønna er nokså liten, er det likevel snakk om nesten 20% av hankjønnsorda som ikkje blir samsvarsbøygde. Tekstskrivarane er kanskje




ikkje alltid like samde når det kjem til å samsvarsbøye eller ikkje samsvarsbøye desse svake partisippa i attributiv stilling.



Figur 30. Fordeling av samsvars- og ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling.

Figur 31 vitnar om ein trend med minkande samsvarsbøying også i dei svake bøyelege partisippa i attributiv stilling som i motsetnad til dei tilsvarande partisippa i predikativ stilling, krev obligatorisk samsvarsbøying. Her er datapunkta mykje meir spreidde i 1980- og 1990- åra, medan datapunkta er meir samla i tekstane frå 2000- og 2010-talet. Ein grunn til dette kan vere at det er fleire datapunkt i 2000- og 2010-åra enn i 1980- og 1990- åra, men likevel viser datapunkta frå 2000- og 2010-talet ei samling rundt ein lågare prosent enn dei tilsvarande dataa frå 1980- og 1990- talet.



Figur 31. Prosentvis samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling gjennom dei siste førti åra.

Fordelinga av samsvarsbøygde versus ikkje-samsvarsbøygde partisipp i Figur 30 gir eit bilete av at regelen om obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling som oftast blir respektert av tekstskrivarane. Samtidig når ein ser på utviklinga gjennom tid i Figur 31, er det tendensar til at samsvarsbøyinga av svake partisipp i attributiv stilling har minka dei siste førti åra.

#### 5.2.1.1 Statistisk metode svake partisipp i attributiv stilling

Det er for få data frå korpusstudien til at ein kan bruke blanda modell med tiår som tilfeldig effekt, difor har eg brukt ein lineær modell med binær kjønn-samsvar (samsvar eller ikkje-samsvar) som responsvariabel. Også her i likskap med dei blanda modellane har eg inkludert sjanger (avis, saklitteratur, skjønnlitteratur og tidsskrift) og substantivkjønn (hankjønn og hokjønn) som fast effekt.


Tabell 14 viser at det er færre samsvarsbøygde hankjønnsord i avissjangeren enn hokjønn. Dette er fordi «Avis(Intercept)» ( $E= 1,2730$ ,  $z(185) = 4,210$ ,  $p < 0,005$ ) er referansepunktet og dette har eit høgre estimat enn «Kjønnm» ( $E= -0,7489$ ,  $z(185)= -2,103$ ,  $p < 0,05$ ). Desse ho- og hankjønnsorda i avissjangrane er også statistisk signifikante, noko som betyr at modellen meiner dette kan reknast som ein bevisst og kontrollert variasjon, og at tekstskrivarane behandlar samsvarsbøyinga av han- og hokjønnorda i avissjangeren noko ulikt.

Tabell 14. Lineær modell frå korpusdataa med svake partisipp i attributiv stilling. Dei faste effektane blir viste i alfabetisk rekkefølge slik at Avis og Kjønn f (hokjønn) er først representert i tabellen.


Fast effekt	Estimate	Std. Error	z value	Pr(> z )	
Avis (Intercept)	1.2730	0.3024	4.210	2.55e-05	***
Saklitteratur	1.1249	0.6746	1.668	0.0954	.
Skjønnlitteratur	0.2311	0.8382	0.276	0.7828	
Tidsskrift	15.2931	1385.3778	0.011	0.9912	
Kjønnm	-0.7489	0.3561	-2.103	0.0355	*
Saklitteratur: kjønnm	0.8077	0.9232	0.875	0.3816	
Skjønnlitteratur: kjønnm	2.0780	1.3404	1.550	0.1211	
Tidsskrift: kjønnm	0.7489	1959.2201	0.000	0.9997	

Signif.codes: 0 '\*\*\*', 0.001 '\*\*', 0.01 '\*', 0.05 '.', 0.1 '', 1

I Figur 32 er det spådde sannsynet frå Tabell 14 visualisert. Der har saklitteratur, skjønnlitteratur og tidsskrift fleire samsvarsbøygde former enn det avissjangeren har. Figuren viser også at avissjangeren avviker mest frå regelen med cirka 60% samsvarsbøygde former av hankjønnsord. Den same tendensen ser ein også i klassifikasjonstreet i Figur 33 der avissjangeren skil seg ut med å ha fleire ikkje-samsvarsbøygde former enn dei andre sjangrane.




Figur 32. Spådd sannsyn av den lineære modellen for samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling.



Figur 33. Klassifikasjonstre med dataa for svake partisipp i attributiv stilling.

### 5.2.2 Sterke partisipp

Figur 34 viser samsvarsbøying av sterke partisipp i attributiv stilling til dei ulike kjønna. Her er tekstskrivarane ganske einige i at dei sterke partisippa som står til hokjønn eller hankjønnsord i attributiv stilling skal samsvarsbøyast. Ut i frå dette utvalet frå Nynorskkorpuset ser det då ut til at regelen om obligatorisk samsvarsbøying av sterke partisipp i attributiv stilling vert respektert av tekstskrivarane.



Figur 34. Fordeling av samsvars- og ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i attributiv stilling.

#### 5.2.2.1 Statistisk metode sterke partisipp attributiv stilling


Sidan korpusstudien gir for få data til å kunne lage ein blanda modell av dei sterke partisippa i attributiv stilling, har eg brukt lineær modell som statistisk metode også til desse partisippa. Modellen baserer seg på 294 datapunkt, 8 i tidsskriftsjangeren, 40 i skjønnlitteratursjangeren, 74 i saklitteratursjangeren og 172 i avissjangeren. Tabell 15 gir ei oversikt over estimata av logg oddsen av kjønn-samsvar frå den lineære modellen der skjeringpunktet er «Avis (intercept)» ( $E = 2,74084$ ,  $z(172) = 5,313$ ,  $p < 0,005$ ) som representerer samsvarsbøygde sterke partisipp som står til hokjønns substantiva. Ein ser korleis «Kjønnm» ( $E = -0,77319$ ,  $z(172) = -1,300$ ,  $p > 0,05$ ) i den femte rada har eit negativt estimat, noko som vitnar om at det er litt færre samsvarsbøygde former til hankjønnsorda enn til hokjønnsorda i avissjangeren.

Tabell 15. Lineær modell frå korpusdataa: sterke partisipp i attributiv stilling. Dei faste effektane blir viste i alfabetisk rekkefølge slik at Kjønn f (hokjønn) og Avis er først representert i tabellen.

Faste effektar	Estimate	Std. Error	Z value	Pr(> z )	
Avis (Intercept)	2.74084	0.51588	5.313	1.08e-07	***
Saklitteratur	0.39465	1.14438	0.345	0.730	
Skjønnlitteratur	0.03175	1.15266	0.028	0.978	
Tidsskrift	14.82523	1978.09023	0.007	0.994	
Kjønnm	-0.77319	0.59481	-1.300	0.194	
Saklitteratur: kjønnm	0.08004	1.29191	0.062	0.951	
Skjønnlitteratur: kjønnm	1.09164	1.56900	0.696	0.487	
Tidsskrift: kjønnm	0.77319	2797.44200	0.000	1.000	

Signif.codes: 0 '\*\*\*', 0.001 '\*\*', 0.01 '\*', 0.05 '.', 0.1 '', 1

På same måte som i modellen for dei sterke partisippa i predikativ stilling i Tabell 13, har heller ikkje denne modellen signifikant interaksjon mellom ho- og hankjønnsubstantiva. Det betyr at tekstskrivarane handterer samsvarsbøyinga av sterke partisipp i attributiv stilling likt uavhengig av substantivkjønn eller tekstsjanger. I Figur 35 blir også desse partisippa som regel samsvarsbøygde på tvers av både sjanger og kjønn. Det kan tolkast som at bruken av samsvarsbøying av desse sterke partisippa er veldig systematisk sidan det er nokså like tal på tvers av kjønn og sjanger.



Figur 35. Spådd sannsyn av den lineære modellen for samsvarsbøying av sterke partisipp i attributiv stilling.

### 5.3 Statistisk oppsummering frå korpusstudien

Den blanda modellen for svake partisipp i predikativ stilling (Tabell 12) viser at hankjønnsorda har litt fleire samsvarsbøygde former enn hokjønnsorda. Modellen har likevel ein signifikant interaksjon mellom dei fleste av desse kategoriane, noko som kan tyde på at skriarane behandlar samsvarsbøyinga annleis etter kjønn og sjanger. Dei kategoriane som ikkje er statistisk signifikante, kan reknast som det som er innanfor tilfeldig variasjon.

Den lineære modellen til svake partisipp i attributiv stilling i Tabell 14 har statistisk signifikante interaksjonar mellom ho- og hankjønnsorda, og hokjønnsorda har nokre fleire samsvarsbøygde former enn hankjønnsorda. Det vil seie at modellen meiner denne forskjellen kan reknast som ein bevisst variasjon. Tekstskriarane har difor behandla samsvarsbøyinga av kjønna ulikt, og i attributiv stilling er det flest samsvarsbøygde partisipp som står til hokjønn enn hankjønn. Modellen har også nokre ikkje-signifikante verdiar, det

kan tolkast som ein tilfeldig variasjon, eller at bruken av samsvarsbøying i desse kategoriane er veldig systematiske og difor ser me veldig like tal mellom dei ulike interaksjonane.

Både dei sterke partisippa i predikativ og attributiv stilling har ingen statistisk signifikant variasjon mellom ho- og hankjønnsorda, det vil seie at modellen meiner denne forskjellen kan reknast som ein tilfeldig variasjon. Dette betyr at tekstskrivarane handterer samsvarsbøyinga av sterke partisipp ganske likt uavhengig av substantivkjønn eller tekstsjanger.

#### 5.4 Oppsummering av funn frå akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiane

Desse undersøkingane syner mellom anna at respondentane og tekstskrivarane oppfattar og brukar den valfrie samsvarsbøyinga av svake partisipp i predikativ stilling noko ulikt.

Tekstskrivarane frå tekstkorpuset brukar samsvarsbøygde former som «Hytta er bygd» og ikkje-samsvarsbøygde former som «Hytta er bygt» like ofte. I

akseptabilitetsvurderingsoppgåvene derimot vurderer respondentane dei samsvarsbøygde formene som meir akseptable enn dei ikkje-samsvarsbøygde formene.

Resultata frå akseptabilitetsvurderingane viser at trønderane, som ikkje har samsvarsbøying i dialekta si, likevel vurderer samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling som meir akseptable enn dei ikkje-samsvarsbøygde formene, sjølv om det er desse som ligg nærast talemålet. Der ein etter regelen har lov å ikkje samsvarsbøye og på den måten skrive meir likt som talemålet, vurderer trønderane likevel den samsvarsbøygde forma som meir akseptabel.

Respondentane og tekstskrivarane har ulik oppfatning når det kjem til obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling. Der tekstskrivarane frå tekstkorpuset som oftast respekterer regelen om obligatorisk samsvarsbøying, vurderer respondentane dei ubøygde svake partisippa i attributiv stilling som ganske akseptable med ein median på 5. Likevel syner det spådde sannsynet av den lineære modellen i Figur 32 og klassifikasjonstreet



i Figur 33 at avissjangeren skil seg ut som den sjangeren med færrest samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling. Med utgangspunkt i avissjangeren i korpusundersøkinga, kan ein då sjå likskapar mellom respondentane og journalistane i at dei aksepterer ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling.

I korpusundersøkinga handterer tekstskrivarane i avissjangeren samsvarsbøying av kjønna noko ulikt. Det vil seie at for svake partisipp i predikativ stilling er det litt fleire samsvarsbøygde hankjønn enn hokjønn, medan det for dei svake partisippa i attributiv stilling er litt fleire samsvarsbøygde hokjønn enn hankjønn. Dei statistiske modellane viser begge at det er signifikante interaksjonar mellom kjønna i avissjangeren noko som gjer at ein på bakgrunn av det kan gå ut i frå at desse journalistane har ein bevisst ulik handtering av samsvarsbøying til han- og hokjønnsorda i avissjangeren.

Tekstskrivarane handterer samsvarsbøying av dei sterke partisippa i predikativ og attributiv stilling nokså likt på tvers av sjanger og kjønn. Respondentane vurderer også alle dei samsvarsbøygde sterke partisippa som veldig vanlege og akseptable. Når det gjeld dei ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa varierer respondentane meir i vurderingane sine her. Mellom anna er ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i predikativ stilling vurdert med ein median på 3, men med store variasjonar i dataa.

I undersøkinga av dialektgruppene, viser det seg at trønderane vurderer dei ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa i predikativ stilling, som er grammatisk ukorrekte, som ganske akseptable med ein median på 5. Dei vurderer også dei ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa i attributiv stilling med ein median på 3. Trønderane vurderer desse ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa som meir akseptable enn det dei vestnorske og austnorske respondentane gjer. Dette betyr at dialekta til ein viss grad kanskje har ein påverknad på respondentane sine vurderingar.

## 6. Diskusjon

Akseptabilitetsvurderings- og korpusstudien stemmer overeins med kvarandre når det kjem til samsvarsbøygde sterke partisipp. Figur 28 og Figur 34 frå korpusstudien viser korleis dei sterke partisippa i predikativ og attributiv stilling nesten alltid samsvarer til hankjønn og hokjønn. I akseptabilitetsvurderingsstudien i Figur 13 vurderer også respondentane alle dei samsvarsbøygde sterke partisippa som veldig vanlege med ein median på 7. Alle desse samsvarsbøygde formene er grammatisk korrekte, så den høge respondentvurderinga og overvekta av samsvarsbøygde partisipp i Nynorskkorpuset er som forventa.

Når det gjeld samsvarsbøying av dei svake partisippa, har respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien også ein stor aksept for desse. I korpusstudiane er det eit klart fleirtal av svake partisipp som blir samsvarsbøygde etter hankjønn og hokjønn i attributiv stilling (Figur 30), medan den tilsvarande valfrie forma i predikativ stilling (Figur 24) har cirka like mange samsvarsbøygde som ikkje-samsvarsbøygde partisipp.

Dei ikkje-samsvarsbøygde partisippa derimot vurderer respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien med større variasjon, og Tabell 11 viser store standardavvik på fleire av dei ikkje-samsvarsbøygde partisippa. Ei så stor spreing av data kan som sagt dreie seg om usemje hos respondentane, der dei ikkje er einige med kvarandre i kva som er vanlege former, og dette tyder på at språkoppfatninga til respondentane varierer når det gjeld ikkje-samsvarsbøygde former.

### 6.1 Diskusjon metode

I denne studien har respondentane funne fram til spørjeundersøkinga via Facebooksidene til ulike mållag. I tidlegare spørjeundersøkingar som ser på nynorske språkoppfatningar eller språkhaldningar, har ein gjerne hatt spørjeundersøkingar på skular (Akselberg, 2003; Berg, 1999; Rødningen, 2000), slik at ein også har snevra respondentane inn til elevar og lærarar. Desse undersøkingane tar då i mindre grad omsyn til nynorskgrasrota enn det denne spørjeundersøkinga som er publisert på mållagssider på Facebook gjer. Deltakarane i denne

spørjeundersøkinga har difor truleg ein større sosial variasjon enn det språkoppfatningsundersøkingar som er distribuerte på skular har.

Deltakarane i spørjeundersøkinga har funne ho på mållagssider i sosiale media, og tilknytninga deira til mållag betyr at dei truleg har ein kjenslemessig eller eit personleg forhold til det nynorske skriftspråket, noko som knyter respondentane meir saman og difor også gjer dei meir like. Denne likskapen mellom respondentane kan kanskje vere med på å skape ein mindre variasjon mellom dei enn det som er ønskeleg. Respondentane er også henta frå eit strategisk utval og kan difor heller ikkje seiast å representere nynorskbrukarane som ei heil gruppe. Resultata me får frå dette strategiske utvalet i kombinasjon med dei statistiske modellane kan likevel gi oss nokre teikn som kan spegle ein tendens hos nynorskbrukarane, utan at ein trekker slutningar basert på desse resultata aleine.

Det er ein veldig skeivfordeling mellom dialektgruppene og det er 107 vestnorske, 17 austnorske og berre 9 trønderske respondentar. Denne skeivfordelinga er ein svakheit med studien og det optimale hadde vore å hatt ein lik balanse mellom dei tre dialektgruppene. Samtidig når ein legg til deltakar som eit tilfeldig skjeringpunkt i den blanda modellen, tek modellen til ein viss grad likevel omsyn til desse individuelle skilnadane mellom respondentane.

I korpusstudien er det mykje fleire tekstar frå 2000- og 2010-talet enn frå 1980- og 1990-talet. Denne ubalansen mellom publiseringsåret til tekstane frå Nynorskkorpuset, styrker også Johannessen (2003, s. 148) sitt poeng om at eit tekstkorpus i seg sjølv ikkje er representativt for alle språkbrukarane. Korkje akseptabilitetsvurderings- eller korpusstudiane i seg sjølv representerer alle nynorskbrukarar som ei gruppe, men desse to studiane saman kan gi eit betre innblikk i korleis eit utval nynorskbrukarar og tekstskrivarar oppfattar og handterer samsvarsbøying av partisipp på nynorsk.

## 6.2 Akseptabilitetsvurderingane og korpusstudien: to ulike målingar

Resultata frå akseptabilitetsvurderingane og korpusstudien viser at språkoppfatningane til respondentane og tekstskrivarane er forskjellige. Det kan vere fleire grunnar til denne ulikskapen mellom språkoppfatningane. Respondentane i akseptabilitetsvurderingane har til dømes blitt bedne om å vurdere setningane ut i frå si eiga språkoppfatning og ikkje nødvendigvis kva som er rett eller gale, medan tekstskrivarane til tekstkorpuset stort sett skriv setningar som følger dei grammatiske reglane. Hadde ein spurt respondentane om å vurdere setningane ut i frå skulegrammatikken, kan det godt hende at resultata mellom respondentane og tekstskrivarane hadde blitt meir like.

Vikør (1994, s. 213) har hevda at det er ei interessekonflikt i språknormeringa mellom sendar og mottakar, og dette kan me også kanskje sjå ein tendens til i desse to studiane. Korpusstudiane tek gjerne føre seg sendaren eller skrivaren sine språkoppfatningar og akseptabilitetsvurderingsstudien ser heller på mottakaren eller lesaren sine språkoppfatningar. Desse to måtane å måle samsvarsbøying på skil seg også på den måten at akseptabilitetsvurderingane er ei måling med fokus på normmottakarane, medan korpusundersøkingane er ei måling med fokus på normsendarane.

Desse to metodane ser på oppfatning og handtering av samsvarsbøying i publisert tekst og i akseptabilitetsvurderingsoppgåver, og metodane kan mellom anna bidra til å gi ei betre oversikt over samanhengen mellom fastsette og internaliserte normer. Viss ein undersøker nærare samanhengen mellom valfrie former i publisert tekst og oppfatning av valfrie former hos språkbrukarar, kan desse resultata også vere til hjelp i språknormeringsarbeid. Denne måten å måle språkoppfatningar på kan gjere at ein får eit enda meir talemålsnært skriftspråk som famnar om større delar av språkbrukarane. Kanskje kan også det å kombinere tekstkorpus og akseptabilitetssvurderingar i språknormeringsarbeid vere med på å minske denne interessekonflikten som Vikør (1994, s. 213) nemner mellom sendar og mottakar sine interesser.

### 6.3 «Hytta er bygt» eller «Hytta er bygd»: valfri samsvarsbøyning av svake partisipp i predikativ stilling

I Figur 14 har ein sett korleis respondentane oppfattar valfri samsvarsbøyning av svake partisipp i predikativ stilling. Dei ikkje-samsvarsbøyde formene har ein median på 5, og ei større spreining i dataa enn det dei samsvarsbøyde formene har. Dei samsvarsbøyde formene har ein median på 7, og ei noko mindre spreining i dataa. Resultata frå akseptabilitetsvurderingane viser altså at respondentane føretrekker samsvarsbøyde former som «Hytta er bygd» noko meir enn ikkje-samsvarsbøyde former som «Hytta er bygt».

Dataspreiinga til dei valfrie ikkje-samsvarsbøyde formene kan tyde på at respondentane ikkje er like einige i vurderingane. Ein grunn til dette kan vere at regelen for samsvarsbøyning av svake partisipp i predikativ stilling har endra seg med dei nye rettskrivingsreglane, og før 1981 skulle det svake partisippet samsvarsbøyast. Deretter blei det vedteke i 1981 at ein framleis skulle samsvarsbøye dette partisippet i læreboknormalen, men ein kunne sleppe det i rettskrivingsnormalen. Ein grunn til dette spriket i dataa kan då kome av forvirring rundt desse endringane av kva som er tillate og ikkje, og kanskje er ikkje alle respondentane klare over denne valfrie forma, og difor naturleg nok heller ikkje brukar ho.

I korpusstudien syner Figur 24 ei ganske jamn fordeling av samsvarsbøyde og ikkje-samsvarsbøyde svake partisipp i predikativ stilling, og ut i frå denne figuren kan ein trekke slutninga om at korkje den eine eller den andre forma er meir brukt. Samtidig viser Figur 25 korleis det generelt har blitt mindre samsvarsbøyning i tekstar dei siste førti åra, noko som kan tyde på at det blir mindre samsvarsbøyning i tekstar. På bakgrunn av det Figur 25 viser, kan ein hevde at produsert tekst frå 2000- og 2010-talet har færre tilfelle av samsvarsbøyde svake partisipp i predikativ stilling enn det tekst frå 1980- og 1990-talet har.

Ut i frå resultata til akseptabilitetsvurderingane, er det ein tendens til at respondentane meiner samsvarsbøyning av svake partisipp i predikativ stilling er vanlegast og mest akseptabelt for dei. Respondentane er noko meir usamde i om den valfrie ikkje-

samsvarsbøygde varianten er like vanleg for dei. Korpusundersøkinga med dei 57 mest frekvente bøyelege svake partisippa i predikativ stilling syner ei ganske lik fordeling mellom samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde former, likevel syner Figur 25 at utviklinga over tid går mot å ikkje samsvarsbøye desse partisippa. Resultata frå akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiane stemmer ikkje overeins på dette punktet, og der tekstkorpuset viser mindre samsvarsbøying over tid, viser akseptabilitetsvurderingane at respondentane har større aksept for samsvarsbøygde enn ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling.

#### 6.4 «\*Ei bygt hytte» eller «Ei bygd hytte»: obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling

I Figur 15 vurderer respondentane dei ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa i attributiv stilling med stor spreiding i dataa. Tilstand D i Tabell 11 («\*Ei bygt hytte») viser mellom anna at denne tilstanden har eit standardavvik på 2,13, og dette høge standardavviket vitnar også om at respondentane ikkje er einige i korleis regelen for samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling skal handterast. Dette betyr at respondentane er ueinige om denne grammatisk ukorrekte tilstanden «\*Ei bygt hytte» er akseptabel for dei eller ikkje. Det tyder på at dei ikkje er like sikre på korleis ein skal handtere regelen for samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling, og respondentane har difor ulike språkoppfatningar når det kjem til samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling.

Ein annan grunn til dataspreiinga til dei ikkje-samsvarsbøygde formene kan vere at dei fastsette normene som seier at svake partisipp skal samsvarsbøyast i attributiv stilling, kanskje ikkje er ein del av dei internaliserte normene til respondentane. Her krevst det fleire undersøkingar, men dersom fleire undersøkingar stadfestar dette, kan ein seie slik Helset (2016, s. 146-148) påpeikar at eit språkfenomen ikkje er valid viss det ikkje er internalisert hos språkbrukarane. På bakgrunn av desse resultata frå akseptabilitetsvurderingsstudien kan ein likevel hevde at den fastsette norma om obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling ikkje er valid for respondentane fordi resultata tyder på at denne norma ikkje er internalisert hos dei.

Søyland (personleg kommunikasjon 24.03.22) hevdar at nynorske språkbrukarar har ein tendens til å veksle mellom å samsvarsbøye og å ikkje samsvarsbøye partisipp i eintal ubestemt form i attributiv stilling. Dei kan til dømes finne på å skrive «\*Ei bygt hytte» framfor «Ei bygd hytte». Det er kanskje denne vekslinga som er ein av grunnane til den store dataspreiinga til respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien.

Dei svake partisippa i attributiv stilling i Figur 30 har eit tydeleg fleirtal av samsvarsbøygde partisipp. Det kan difor sjå ut som at tekstskrivarane frå korpusstudien respekterer den obligatoriske samsvarsbøyinga til dei svake partisippa i attributiv stilling i større grad enn det respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien gjer. Samtidig viser tala frå dei statistiske modellane til korpusstudien i Figur 32 og Figur 33 at avissjangeren skil seg ut med fleire ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp enn det dei andre sjangrane har. Ein kan sjå ein likskap mellom respondentvurderingane og journalistane i Nynorskkorpuset med at dei begge har ein aksept for den grammatisk ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde forma av svake partisipp i attributiv stilling. Ein mogleg årsak til at avissjangeren skil seg ut frå dei andre tre sjangrane på dette punktet, kan kanskje vere at journalistar har eit større tidspress i skrivinga si. Moglegvis fører dette tidspresset til at det ikkje er like mykje tid til å sjå over språket slik ein kanskje i større grad har i redaksjonane til dei andre tekstsjangrane.

Målet med dei fastsette normene er at dei skal styre skriftspråket og etter kvart skal bli internaliserte til kvar enkelt språkbrukar sitt skriftspråk (Språkrådet 2021). Dette kan vere ei anna forklaring på at avissjangeren har ein større del av ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling enn det tidsskrift, sak- og skjønnlitteratursjangrane har. Den fastsette norma om denne obligatoriske samsvarsbøyinga er nemleg kanskje ikkje internalisert hos journalistane på same måte som tekstskrivarane i dei andre tre sjangrane. Journalistane sitt avvik frå denne regelen kan tyde på at dei tilsette i avisene i større grad brukar dei internaliserte normene når dei skriv enn det tekstskrivarane i dei tre andre sjangrane gjer.

I Figur 31 er det i likskap med dei svake partisippa i predikativ stilling, ei minkande samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling gjennom dei siste førti åra. Sjølv om det trengs fleire studiar til å bevise dette med sikkerheit, kan ein likevel ut i frå desse dataa frå utvalet i Nynorskkorpuset, sjå tendensar til at det blir mindre samsvarsbøying også i svake partisipp i attributive stillingar. Resultata frå korpusstudien syner også at avissjangeren har mindre samsvarsbøygde former enn dei andre tre sjangrane. Viss fleire studiar viser den same tendensen til at tekstar får mindre samsvarsbøying av svake partisipp også i attributive stillingar, kan ein då også hevde at dei fastsette normene om obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling ikkje er internaliserte i tekstskrivarane sitt individuelle skriftspråk.

#### 6.5 Tekstskrivarane si forskjellsbehandling av substantivkjønn

Det er ein signifikant forskjell mellom han- og hokjønnsorda i avissjangeren i den statistiske modellen til dei svake partisippa i attributiv stilling (Tabell 14), og denne statistiske modellen har fleire samsvarsbøygde ho- enn hankjønnsord. Det vil seie at tekstskrivarane i avissjangeren bevisst skil mellom han- og hokjønnsord når dei skal samsvarsbøye det svake partisippet. Journalistane som har skrive tekstane i dette korpusutvalet, bøyer altså partisippet i attributiv oftare når det står til hokjønn som til dømes «Ei leigd hytte» enn når det står til hankjønn som til dømes «Ein leigd bil». Samtidig viser tala frå den statistiske modellen til dei svake partisippa i predikativ stilling i Tabell 12 også ein signifikant forskjell mellom ho- og hankjønnsorda i avissjangeren. Men i motsetning til partisippa i attributiv stilling, bøyer journalistane partisippet oftare når det står til hankjønn som til dømes «Bilen er leigd» enn når det står til hokjønn som til dømes «Hytta er leigd».

Grunnen til at journalistane favoriserer samsvarsbøying til hokjønn i attributiv stilling og samsvarsbøying til hankjønn i predikativ stilling er uviss, og det krevst fleire undersøkingar til å kunne stadfeste om dette skiljet mellom substantivkjønna er ein generell trend eller ikkje. I vidare undersøkingar kunne ein prøvd å skilje mellom substantivkjønna i akseptabilitetsvurderingsoppgåver for å undersøke om språkbrukarar også favoriserer samsvarsbøying etter hokjønn i attributiv stilling og hankjønn i predikativ stilling. Viss det



viser seg at desse også då favoriserer samsvarsbøying til eit kjønn meir enn eit anna avhengig av om det står i attributiv eller predikativ stilling, kan det bidra til ny informasjon om språkbrukarane si oppfatning og handtering av samsvarsbøying til substantivkjønn.

### 6.6 Avvik frå regelen: samsvarsbøying av sterke partisipp

Som Figur 18 viser, aksepterer respondentane ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i predikativ stilling meir enn ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i attributiv stilling. Dei vurderer forma i predikativ stilling med ein median på 3 og den tilsvarande forma i attributiv stilling med ein median på 2. Ei forklaring på denne litt større aksepten som respondentane har for ubøygde sterke partisipp i predikativ stilling («\*Boka er lese»), enn ubøygde sterke partisipp i attributiv stilling («\*Ei lese bok»), kan vere slik Søyland forklarar (personleg kommunikasjon, 24.mars 2022) at parallellen til adjektiv er klarare i attributiv enn i predikativ stilling, og nett difor held dei bøygde formene seg betre i attributiv stilling. Difor kan det oppfattast som meir vanleg og akseptabelt for respondentane å bruke «\*Boka er lese» enn «\*Ei lese bok». Det betyr at feil bruk av dei samsvarsbøygde formene kanskje kjem tydelegare fram når partisippa står i attributiv stilling enn når dei står i predikativ stilling.

Respondentane sine store variasjonar i dataa og difor ueinigheit i korleis ein skal handtere den grammatisk ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde forma av sterke partisipp, kan kanskje også vere eit teikn på individuelt skriftspråk. Selback (2001, s. 146) har vist i sine studiar korleis nynorskbrukarar er meir opptekne av å ha eit skriftspråk som viser identitet enn det bokmålsbrukarar er. Kanskje dette individuelle språket til nynorskbrukarane gjer at dei heller ikkje er like opptekne av kva som er rett eller gale, men meir opptekne av å vise ein identitet gjennom skriftspråket. Ei slik form for identitetsmarkering kan difor vere ein av grunnane til at mange av respondentane også aksepterer grammatisk ukorrekte former som «\*Boka er lese».

I tekstkorpuset blir dei sterke partisippa stort sett alltid samsvarsbøygde etter hankjønns- og hokjønns-substantivet, både i predikativ og attributiv stilling. Tekstskrivarane viser ikkje noko teikn til den aksepten som respondentane har til ubøygde sterke partisipp i predikativ

stilling. Medan tekstskrivarane i korpusstudien held seg for det meste til regelen om obligatorisk samsvarsbøying av sterke partisipp, har respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien det enklare for å avvike frå regelen om obligatorisk samsvarsbøying og då spesielt når det sterke partisippet står i predikativ stilling.

### 6.7 Samsvarsbøying i dialektene: sterke partisipp

Ifølge Sandøy (1988, s. 94) har dei fleste vestnorske og austnorske dialekter samsvarsbøying av sterke partisipp, men med nokre unntak (Bergen, Molde, Kristiansund). Samtidig syner Sandstedt (2022) at samsvarsbøying av partisipp hos dei yngre sunnmørske dialektbrukarane forsvinn, og det blir meir og meir vanleg med ikkje-samsvarsbøygde former i dei sunnmørske dialektene. Denne dialektutviklinga og unntaka som Sandøy viser til, kan også vere ein årsak til den store dataspreiinga som dei austnorske og vestnorske respondentane har til dei sterke ikkje-samsvarsbøygde partisippa i predikativ stilling i Figur 21.

Det er ein ganske stor skilnad mellom dei austnorske og vestnorske respondentane og dei trønderske respondentane i korleis dei oppfattar og vurderer ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp. Der trønderane er ganske samde i vurderingane sine om at dei aksepterer ikkje-samsvarsbøygde former i predikativ stilling som «\*Boka er lese» i Figur 21, viser den store dataspreiinga til dei vestnorske og austnorske respondentane ein større usemje i kva dei aksepterer. I Figur 23 derimot vurderer trønderane dei grammatisk ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa i attributiv stilling med ei ganske stor dataspreiing, noko som tyder på ei større usemje. Dei vestnorske og austnorske respondentane derimot vurderer desse formene lågt og med lite dataspreiing. Trønderane sin aksept for ukorrekte former der ein ikkje samsvarsbøyer sterke partisipp i attributiv eller predikativ stilling, heng truleg saman med den manglande samsvarsbøyinga i dialekta.

Trønderane vurderer det valfrie ikkje-samsvarsbøygde svake partisippet i predikativ stilling med ein median på 5 og med ein ganske stor variasjon i dataa (Figur 20). Den grammatisk ukorrekte forma der ein ikkje samsvarsbøyer sterke partisipp i predikativ stilling vurderer trønderane også med ein median på 5 og med liten variasjon i dataa (Figur 21). Dette tyder

på at det er ei større semje hos trønderane å ikkje samsvarsbøygde det sterke partisippet i predikativ («\*Boka er lese») enn å ikkje samsvarsbøygde det svake partisippet i predikativ («Hytta er bygt»).

Ein kan spørje seg kvifor trønderane er meir samde i å bruke den grammatisk ukorrekte forma enn den grammatisk korrekte forma, og det fonetiske aspektet kan vere ei forklaring på dette. Det er ein nokså liten skilnad fonetisk sett mellom samsvarsbøyinga til svake partisipp (bygd-bygt) samanlikna med samsvarsbøyinga til sterke partisipp (lesen-lese) der det er ein mykje tydelegare endring frå samsvarsbøygde til ikkje-samsvarsbøygde partisipp. Denne fonetiske tydelege skilnaden på dei sterke partisippa og ikkje like tydelege skilnaden på dei svake partisippa, kan difor vere ein grunn til at trønderane er meir einige og har ei meir samla vurdering av dei sterke ikkje-samsvarsbøygde partisippa enn av dei svake ikkje-samsvarsbøygde partisippa.

Samtidig viser Figur 19 at dei trønderske respondentane likevel vurderer dei korrekte samsvarsbøygde sterke partisippa høgare enn dei ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippa, noko som kan tyde på at dei respekterer den nynorske rettskrivingsforma. Det at trønderane vurderer ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp så høgt, men samtidig vurderer samsvarsbøygde sterke partisipp enda høgare, sjølv om samsvarsbøying ikkje er ein del av dialekta, kan tyde på at det kanskje er ein slags konflikt mellom kva som er tillært (fastsette normer) og kva som er faktisk språkbruk (internaliserte normer). Ut i frå desse resultatane ser det ut som at måten ein snakkar på spelar inn på korleis ein oppfattar og vurderer dei sterke partisippa, men dei fastsette normene ein har lært gjennom skulegang påverkar likevel respondentvurderingane meir enn det dialekta gjer.

### 6.8 Samsvarsbøying i dialektene: svake partisipp

Ein av hypotesane mine er at der ein har valfridom, kan ein forvente meir påverknad frå dialekta. Det er difor rimeleg å gå ut i frå at dei respondentane utan samsvarsbøying i dialekta, vurderer dei valfrie ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa i predikativ stilling høgare enn dei samsvarsbøygde formene. Alle dei tre dialektgruppene i Figur 20 vurderer den valfrie

ikkje-samsvarsbøygde forma som ganske akseptabel, men den valfrie samsvarsbøygde forma blir likevel vurdert og oppfatta som meir akseptabel av alle dialektene. Også trønderske dialekter som ikkje samsvarsbøyer partisippa, vurderer denne samsvarsbøygde forma som meir akseptabel og vanleg enn den ikkje-samsvarsbøygde forma. Trønderane vurderer dei valfrie formene som ligg lengst unna dialekta som meir akseptabel enn den tilsvarande ikkje-samsvarsbøygde forma som liknar meir på talemålet. Alle dialektene, inkludert trønderane, har altså ei større semje og aksept for å samsvarsbøye det svake partisippet i predikativ stilling enn å ikkje samsvarsbøye det.

Samtidig viser Figur 22 korleis både trønderane og vestlendingane vurderer dei grammatisk ukorrekte formene av ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling som ganske akseptable. Vurderingane deira liknar også ganske mykje på vurderinga dei har til den valfrie ikkje-samsvarsbøygde forma i predikativ stilling. Det kan sjå ut som at trønderane og vestlendingane ikkje gjer forskjell på dei ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa i attributiv eller predikativ stilling, sjølv om den eine forma er grammatisk korrekt og den andre ikkje er det.

Det fonetiske aspektet kan vere ei forklaring på kvifor respondentane ikkje skil mellom ikkje-samsvarsbøygde former i attributiv eller predikativ stilling, og viss ein les «Hytta er bygt» og «\*Ei bygt hytte», vil det høyrest ganske likt ut. På den måten kan det vere lett for mange respondentar å ikkje gjere forskjell på «bygt» eller «byggs» i predikativ eller attributiv stilling når ein les det i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene. Likskap i orda kan kanskje vere ein av grunnane til at dei trønderske og vestnorske respondentane ikkje gjer skilnad på dei svake ikkje-samsvarsbøygde partisippa i attributiv og predikativ stilling.

Me veit også at nynorskbrukarar tillèt meir valfridom i skrivinga si enn det bokmålsbrukarane gjer (Selback, 2001; Berg, 1999; Brunstad, 2009), noko som kanskje kan gjere at dei er meir vande til å variere mellom fleire ulike måtar å skrive eit ord på. Samtidig hevdar Berg (1999, s. 106) også at nynorskbrukarane kan lite om dei valfrie formene, det vil seie at der ei valfri form kunne ha spegla ei dialekt betre, blir ho likevel ikkje brukt. Språkbrukarane er altså

usikre på kva som er tillate og ikkje på nynorsk, og Berg påstår at den nynorske valfridomen eksisterer meir i teorien enn i praksis. Denne usikkerheita til språkbrukarane kan kanskje vere noko av grunnen til den høge aksepten og store dataspreiinga som me ser i respondentvurderingane til dei ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa i attributiv stilling i Figur 22, og kanskje ser me nett døme på det Berg hevdar, nemleg at valfridomen eksisterer meir i teorien enn i praksis.

Ut i frå dialektundersøkingane til Sandøy (1988), Sandstedt (2022) og Velle (2016) kan ein gå ut i frå at dei yngre vestnorske respondentane har større aksept for å ikkje-samsvarsbøye partisipp enn dei eldre, men dette viser ikkje resultatata frå akseptabilitetsvurderingane. Respondentane frå alle aldersgruppene med vestnorsk dialekt vurderer setningane med ikkje-samsvarsbøygde og samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling ganske likt uavhengig av alder (Figur 16 og Figur 17). Viss dei yngre vestnorske dialektbrukarane hadde latt dialekta si påverke vurderingane, ville truleg skåren deira i Figur 16 vore høgare enn skåren i Figur 17, noko som ikkje er tilfelle. Også her i likskap med trønderane, er det tendensar til at respondentane vurderer former som ligg lengst unna talemålet høgare enn den valfrie forma som liknar mest på talemålet.

Resultata frå desse vurderingane av svake partisipp i attributiv og predikativ stilling viser at dialektgrupper som ein forventa ville akseptere tillatne ikkje-samsvarsbøygde former meir enn samsvarsbøygde former, ikkje gjer det. Dei vurderer samsvarsbøygde former som meir vanlege sjølv om denne forma ligg lengre unna talemålet. Dette kan igjen vitne om ei konflikt mellom dei fastsette og internaliserte normene, og kanskje er det dei samsvarsbøygde formene som er dei fastsette og internaliserte normene til respondentane som spelar mest inn på respondentvurderingane, og ikkje dei dialektnære ikkje-samsvarsbøygde formene slik ein skulle tru.

## 7. Konklusjon

Akseptabilitetsvurderingsstudien gir eit innblikk i nynorskgrasrota si oppfatning av valfri samsvarsbøying av partisipp. I tillegg gir korpusstudien eit innblikk i korleis desse valfrie formene blir brukt i publisert tekst. Det viser seg at respondentane og tekstskrivarane ikkje alltid handterer samsvarsbøyinga av partisippa likt. Det er heller ikkje veldig overraskande då desse undersøkingane er to ganske forskjellige målingar. I akseptabilitetsvurderingsstudien måler ein respondentane sine fastsette og internaliserte normer som varierer frå individ til individ, medan ein i korpusstudien, der tekstskrivarane har språkvaskarar og redaktørar til hjelp, i større grad berre måler dei fastsette normene som er bestemt av eit språkkorgan. Likevel gir det meining å undersøke resultatet frå desse to målingane fordi begge undersøkingane kartlegg nokre mønster og gir eit innblikk i nynorskbrukaren og nynorsktekstskrivaren si oppfatning og handtering av samsvarsbøygde partisipp. Å kombinere akseptabilitetsvurderings- og korpusstudiar kan også bidra til å minske interessekonflikten mellom sendar og mottakar (Vikør, 1994, s.213) slik at ein i språknormeringsarbeid kan finne løysingar som kjem både sendar og mottakar til gode.

Det er ein del sprik i dataa frå dei ikkje-samsvarsbøygde partisippa i akseptabilitetsvurderingsstudien, og det er nokre høge vurderingar av grammatisk ukorrekte former. Ein grunn til slike høge vurderingar av grammatisk ukorrekte former kan ha å gjere med at forma ikkje er internalisert hos respondentane, og då heller ikkje ein del av kvar einskild si individuelle språkoppfatning. Slike høge vurderingar av grammatiske ukorrekte former kan også kome av at nynorskbrukarar er meir opptekne av å få fram det individuelle skriftspråket enn det bokmålsbrukarar er (Selback, 2001, s. 146), og av den grunn er dei heller ikkje like opptekne av kva som er grammatisk rett og gale.

Respondentane og tekstskrivarane si oppfatning og handtering av samsvarsbøygde sterke partisipp stemmer godt overeins med kvarandre. Respondentane vurderer alle dei samsvarsbøygde sterke partisippa som akseptable med ein median på 7, og korpusstudiane viser også at tekstskrivarane som regel samsvarsbøyer sterke partisipp i både attributiv og predikativ stilling.

Dei svake samsvarsbøygde partisippa blir også vurderte som veldig akseptable av respondentane, og der det er valfrie samsvarsbøyging av dei svake partisippet, blir den samsvarsbøygde forma vurdert som meir akseptabel enn den ikkje-samsvarsbøygde forma. I korpusstudien derimot har denne valfrie forma cirka like mange tilfelle av samsvarsbøygde som ikkje-samsvarsbøygde former, og tekstskrivarane viser ikkje ein tendens til å like den eine valfrie forma betre enn den andre slik respondentane frå akseptabilitetsvurderinga ser ut til å gjere.

### 7.1 Svar på forskingsspørsmål 1: Korleis oppfatar og handterer nynorskbrukarane valfrie samsvarsbøyging av svake partisipp i predikativ stilling?

Når det kjem til regelen om valfrie samsvarsbøyging av svake partisipp i predikativ stilling, syner resultatane frå akseptabilitetsvurderingsstudien at respondentane oppfatar dei samsvarsbøygde formene som meir akseptable enn dei ikkje-samsvarsbøygde formene. Respondentane er også ganske samde i desse vurderingane av dei samsvarsbøygde formene. Dei ikkje-samsvarsbøygde formene er dei ikkje like einige i, og resultatane viser også ei større spreiding i dataa til desse ikkje-samsvarsbøygde formene. Me ser då ein tendens til at respondentane aksepterer samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling i større grad enn den valfrie ikkje-samsvarsbøygde forma.

Eit viktig poeng som ein likevel også må ta omsyn til er det faktum at respondentane kanskje ikkje er klare over denne valfrie forma, og difor naturleg nok heller ikkje brukar ho. Det har vore fleire endringar i kva som er tillate av samsvarsbøyging for svake partisipp i predikativ stilling (Faarlund et al., 1997, s. 518), og endring av reglane opp igjennom åra kan vere ein grunn til forvirring hos respondentane rundt kva som er tillate og ikkje. Berg (1999, s. 106) har også hevda at kompetansen om valfrie former er nokså låg hos språkbrukarane, og valfridom eksisterer meir i teorien enn han gjer i praksis. Dette kan også vere ein av årsakene til respondentane si usemje rundt handteringa av dei ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa i predikativ stilling.

Tekstskrivarane i korpusundersøkinga bruker desse valfrie formene like mykje, og det er ikkje ei form som utmerkar seg eller blir brukt meir enn den andre. Samtidig syner korpusstudien at det generelt har blitt mindre samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling i tekstar dei siste førti åra. Dette kan tyde på at samsvarsbøyinga blir mindre nytta i produsert tekst no enn tidlegare. På bakgrunn av dette kan ein anta at der det er valfri samsvarsbøying i produsert tekst, er det forventa å sjå flest ikkje-samsvarsbøygde former.

## 7.2 Svar på forskingsspørsmål 2: Korleis oppfattar og handterer nynorskbrukarane obligatorisk samsvarsbøying av sterke og svake partisipp?

### 7.2.1 Svake partisipp

Regelen seier at svake partisipp i predikativ stilling har valfri samsvarsbøying, medan svake partisipp i attributiv stilling har obligatorisk samsvarsbøying. Respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien respekterer ikkje alltid denne regelen om obligatorisk samsvarsbøying i attributiv stilling. Resultata viser at respondentane vurderer dei svake ikkje-samsvarsbøygde partisippa nokså likt i både attributiv og predikativ stilling. Respondentane skil altså ikkje på stillinga til partisippet, og dei oppfattar det ikkje-samsvarsbøygde svake partisippet likt uavhengig om det står i attributiv eller predikativ stilling.

Søyland (personleg kommunikasjon 24.03.22) har også stadfesta at nynorskbrukarar har ein tendens til å veksle mellom å samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling. Dette kan kanskje vere ein av grunnane til at respondentane vurderer den grammatisk ukorrekte tilstanden som like akseptabel som den grammatisk korrekte tilstanden. Denne vekslinga kan også ha noko med det fonetiske aspektet å gjere. Det er ein nokså liten fonetisk skilnad mellom det samsvarsbøygde «bygd» og det ikkje-samsvarsbøygde «bygt», så både forma i predikativ stilling «Hytta er bygt/bygd» og forma i attributiv stilling «Ei bygd/\*bygt hytte» høyrer nokså like ut, slik at det kanskje kan vere lett for mange respondentar å ikkje skilje mellom «bygt» i predikativ og attributiv stilling.



Denne aksepten for å ikkje samsvarsbøye svake partisipp i attributiv stilling, kan også kome av påverknad frå dialekta. Me har lese korleis trøndersk og fleire vestnorske dialekter ikkje har samsvarsbøying (Sandøy, 1988) og at dei yngre sunnmørske dialektbrukarane får mindre og mindre samsvarsbøying i dialektene (Sandstedt, 2022; Velle, 2016). Resultata frå akseptabilitetsvurderingsstudien stadfestar også denne mangelen på samsvarsbøying i dialektene ved at dei vestnorske og trønderske respondentane aksepterer ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling i stor grad. Dialektal påverknad kan difor vere ein annan årsak til den høge aksepten som respondentane har for den grammatisk ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde forma av svake partisipp i attributiv stilling.

Regelen om obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling vert som oftast respektert hos tekstskrivarane i Nynorskorpuset. Likevel skil avissjangeren seg ut med færre samsvarsbøygde svake partisipp enn det dei andre tekstsjanrane har. Dette tyder på at både respondentane og tekstskrivarane i avissjangeren i korpusstudien er usikre på om dei aksepterer ikkje-samsvarsbøygde former av det svake partisippet eller ikkje. Her ser det ut til at språkoppfatninga til respondentane i akseptabilitetsstudien og journalistane i korpusstudien er nokså lik, og dei viser usemje i korleis dei skal handtere den obligatoriske samsvarsbøyinga av svake partisipp i attributiv stilling.

Mange av journalistane og respondentane i dei to studiane respekterer altså ikkje den obligatoriske samsvarsbøyinga av svake partisipp i attributiv stilling. Helset (2016, s. 146-148) påpeikar at ei språkform må vere internalisert hos språkbrukarane for å vere valid. Viss fleire studiar syner den same trenden om å ikkje samsvarsbøygde svake partisipp i attributiv stilling, kan ein då også seie at den fastsette norma om obligatorisk samsvarsbøying av svake partisipp i attributiv stilling ikkje er valid fordi ho ikkje er internalisert hos språkbrukarane.

### 7.2.2 Sterke partisipp

Alle dei sterke partisippa har obligatorisk samsvarsbøying både i predikativ og attributiv stilling, men likevel vurderer respondentane dei grammatisk ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde formene i predikativ stilling («\*Boka er lese») med ein median på 3, og difor også høgare enn

dei grammatisk ukorrekte formene i attributiv stilling («\*Ei lese bok»). Respondentane aksepterer altså i større grad avvik frå regelen når partisippet står i predikativ enn når det står i attributiv stilling. Med utgangspunkt i desse vurderingane er det moglegvis enklare for respondentane å variere i samsvarsbøyinga, og dimed avvike frå regelen, når det sterke partisippet står i predikativ stilling enn når det sterke partisippet står i attributiv stilling. Dette samsvarer også med det Søyland (personleg kommunikasjon 24. mars 2022) fortel om at feil bruk av formene kjem tydelegare fram i attributiv stilling, slik at språkbrukarane vil reagere meir negativt på «\*Ei lese bok» enn på «\*Boka er lese».

Ein annan årsak til denne aksepten for den ukorrekte forma kan vere at nynorskbrukarane i større grad enn bokmålsbrukarane brukar språket som identitetsmarkør (Selback, 2001, s. 146). Dette behovet for eit individuelt skriftspråk kan kanskje vere ei forklaring på den store dataspreiinga til desse ubøygde sterke partisippa i predikativ stilling, og ein grunn til kvifor fleire av respondentane godtar avvik frå regelen og aksepterer grammatisk ukorrekte former som «\*Boka er lese».

Tekstskrivarane i korpusundersøkinga viser ikkje denne same tendensen som respondentane frå akseptabilitetsvurderingsstudien gjer. Dei held seg for det meste til regelen om obligatorisk samsvarsbøying av sterke partisipp. Det er ikkje overraskande at respondentane har enklare for å avvike frå regelen enn det tekstskrivarane har, sidan tekstskrivarane har ein språkleg redaksjon bak seg som også gjer det enklare for dei å halde seg til regelen og dei fastsette normene.

### 7.3 Svar på forskingsspørsmål 3: På kva måte spelar dialekttilhøyrslø inn på nynorskbrukarane si oppfatning av samsvarsbøying av partisipp?

Dei trønderske respondentane vurderer alle dei samsvarsbøygde formene høgre enn dei ikkje-samsvarsbøygde formene. Det same gjer dei vestnorske respondentane, sjølv om ein kan gå ut i frå at mange har dialekter utan samsvarsbøying (til dømes dei yngre sunnmørske dialektbrukarane og respondentar med bergensk, mode- eller kristiansundsdialekt). Dette betyr at sjølv der ein har valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling,

vurderer vestlendingane og trønderane likevel den forma som ligg lengst unna talemålet som meir akseptabel enn den varianten som liknar mest på talemålet. Dette er ikkje forventa ut frå faktumet at trøndersk og fleire vestnorske dialekter ikkje har samsvarsbøying, og ein skulle trudd at dei difor heller føretrakk den valfrie ikkje-samsvarsbøygde forma. Difor kan ein også gå ut i frå at talemålet ikkje nødvendigvis alltid spelar inn på språkoppfatningane til respondentane.

Det at respondentane aksepterer former som ligg lengst unna talemålet som meir vanleg enn tillatne former som ligg nærare talemålet, kan ha noko med at ein i denne akseptabilitetsvurderingsstudien ser på skriftspråk og ikkje talemål. I skriftspråk er det kanskje enklare å akseptere fleire ulike måtar å skrive noko på enn det er i ei dialekt. Nynorskbrukarar aksepterer også fleire valfrie former enn det bokmålsbrukarar gjer (Selback, 2001; Berg, 1999; Brunstad, 2009), noko som kan bety at dei difor også tillèt fleire måtar å skrive eit ord på.

Mange av dei vestnorske dialektbrukarane og trønderane sine høge vurderingar av former som ikkje ligg nærast talemålet, kan også vitne om at det er ein slags konflikt mellom kva som er tillært (fastsette normer) og kva som er faktisk språkbruk (internaliserte normer). Dialekta deira tilseier at ikkje-samsvarsbøygde former også er den internaliserte norma, men resultatata frå akseptabilitetsvurderingane viser likevel at det samsvarsbøygde svake partisippet er den mest vanlege og akseptable forma for dei. I desse akseptabilitetsvurderingsstudiene ser det då ut til at dei fastsette normene, altså dei samsvarsbøygde formene, som ein har lært gjennom skulegang, påverkar respondentane meir enn det dialekta gjer.

